

Den fyrste song

Det finst ikkje klåre retningslinjer for språkopplæring i barnehagane. Boka **Nynorsk med dei minste** skal gjera dei tilsette medvitne om ansvaret dei har.

SIDE 10–11



Seriefantommet

– Eg held fram så lenge eg har noko å drive med, seier **Håkon Aasnes**. Mannen bak *Smørbukk* og *Tuss og Troll* rundar 75 år.

SIDE 20–21



Ekstrapoeng?

I eit nytt programforslag går Mållaget inn for ekstrapoeng til nynorsk-elevar på vidaregåande. – Ikkje unaturleg, seier nestleiar **Jens Kihl**.

SIDE 9



Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 1
februar 2018

Tvilen

Olaug Nilssen var spent på om *Tung tids tale* ville bli sett på som noko meir enn eit langt lesarinnlegg. – Det var ei frykt for at eg ikkje lenger kunne ha eit yrke som forfattar, sidan eg hadde blitt for sliten, blitt for einspora eller blitt for oppteken av det private, seier Olaug Nilssen.

SIDE 8-9



Indirekte demokrati

NT I fjor hadde altså Noregs Mållag 13 240 medlemmer. Det er nøyaktig like mange som bur i Kvinnerad kommune. Det er nesten som ein kunne mistenkje kommuneleinga for å ha meldt inn alle innbyggjarar og blitt ferdig med det. Men sidan eg sjølv er medlem, og veit om fleire som også er det, så er det noko som skurrar.

NT Så i staden for å samanlikne med abstrakte ting som kommunegrenser, så vel eg heller å halde oss opp mot andre medlemsorganisasjonar. Norges Sjakkforbund hadde t.d. 3977 medlemmer i fjor. Norsk Lektorlag 6172. Ergoterapeutene 4059.

NT Men sidan me er ein interesseorganisasjon, så er det helst naturleg å samanlikne oss med dei som har politisk makt. Partiet Høgre hadde i fjor nesten 30 000 medlemmer. Det er nok naturleg at dei kan ha statsministerposten. Frp derimot, har knapt fleire medlemmer enn oss. Og det ferske tilskotet til regjeringa, Venstre, hadde berre 7057 medlemmer.

NT Me er altså nesten dobbelt så store som Venstre. Då er det vel ikkje heilt urimeleg å hevde at me burde hatt ein ministerpost eller to?

NT Men det er klart, skulle Pensjonistforbundet og Den Norske Turistforening kome på same tanken, så er det fort postane våre ryk.

KJARTAN HELLEVE

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilleorget 1, 0184 OSLO


Redaktør: Kjartan Helleve,
kjartan.helleve@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun, Språksmia AS
smia@spraksmia.no



Framtida i eit num

DENNE LEIARTEIGEN ER inspirert av ei spesiell utgåve av Jærbladet, den som kom 12. januar 2018. Eg har ettertinga papirutgåva særskild fordi eg skal bruke ho til noko spesielt. Det skal eg røpe på slutten av artikkelen.

PÅ FRAMSIDA AV avisa ser ein to unge hender og ein iPad. På den svarte skjermen står det: «Elevar får ikkje nynorsk på digitale verktøy». Inne i avisa blir oppslaget følgt opp av ein reportasje som fortel at 83 prosent av elevane på Jæren har nynorsk som hovudmål, men meldingar, menyar og retteprogram dei har på nettbrett og PC, kjem berre på bokmål.

Jærbladet siterer framtida.no som har gjort ei større undersøking på nynorske barneskular, og da er det 77 prosent som berre nyttar læringsressursar som berre finst på bokmål. IKT-ansvarlege i Klepp fortel at tilsynelatande kan ein stille inn på nynorsk retteprogram i Word-appen, men det fungerer berre ikkje likevel.

Slike digitale problem i skuleverket får vi i Noregs Mållag meldingar om frå alle kantar av landet. Seinare i år kjem vi til å lansere ein kampanje som skal rydde opp i slike soleklare brot på opplæringslova.

SÅ BLAR EG om ei side i avisa. Da finn eg eit nytt oppslag om Klepp kommune. Der er overskrifta «Klepp testar chat-robot». Kommunen prøver nemleg ut robotløysinga «Kari» som er utvikla av Stavanger-selskapet Boost AI. Poenget med den er at dei som vil kommunen noko, kan skrive inn spørsmålet sitt på ei nettpat-side og så få eit relevant, automatisert svar. Ifølgje Jærbladet 12. januar er introduksjonsreplikken til Kari: «Hei, jeg heter

NT LEIARTEIGEN



MAGNE AASBRENN


Leiar i Noregs Mållag

Kari og er kommunens chat-robot». Ingen tvil om at det førebels er ei ekte bokmålsdame som nå er tilsett i nynorsk kommunen Klepp. Kari skal lære seg nynorsk etter kvart, heiter det i artikkelen i Jærbladet. Om ikkje så mange veker skal det fungere. Men mange års røynsle med nynorsklovnader gjer at eg tar det med ei stor klype salt.

DJEVELEN LIGG I detaljane, seier engelskmennene. For nynorskbrukarane ligg djevelen ofte i teknologien. Digitaliseringa av det offentlege Noreg fossar fram, og midt i ein flaum av ny teknologi gløymer både utviklarar og dei som skal passe på lov og rett, at vi har to likestilte språk i dette landet.

DET FØRRE ARBEIDSPROGRAMMET til Noregs Mållag blei vedtatt i 2014. I år skal eit nytt opp på landsmøtet i Vinje. Språkteknologi er eit viktig punkt i det gode utkastet frå arbeidsprogramnemnda. «Sidan marknaden rår, må nynorskbrukarane vere synlege på statistikken til selskapa som styrer marknaden,» heiter det i framlegget. «Politisk press på dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal arbeida med språkteknologi, er viktig.»

Dette veit vi er sant – og det vi òg veit, er at riket ikkje har nokon organisasjon betre enn Noregs



mer av Jærblad

Mållag til å øve motpress slik at ikkje teknologibølga svekker nynorsken dramatisk.

OG VONLAUST ER det ikkje. Idet denne avisa skal i trykken, får eg tips av redaktøren om at eg bør gå inn på nettsida til Klepp kommune igjen – og jammen har ikkje Kari chat-robot faktisk bytt til nynorsk! «Hei, eg heiter Kari», seier ho no. «Når er legevakta open?» spør eg. «Legevakta er open heile døgnet og alle dagar», svarar ho. Og ho svarar på nynorsk sjølv om eg formulerer spørsmålet på bokmål. Det er like før eg spør om ho vil bli medlem av Noregs Mållag.

NOKO HAR FAKTISK skjedd på Klepp. Nokon har tatt ansvar. Lovnader har blitt følgde opp både av firma og kommune. Det viser at det nyttar, og slikt gir inspirasjon til å arbeide vidare med å få nynorsken på plass i den digitale verda.

TILHØVET TIL TEKNOLOGI er berre eitt av mange samfunnsfelt der Noregs Mållags nye arbeidsprogram stakar ut tiltak som vi vonar skal gjera skilnad. Sjølve organiseringa av Noreg har vi synspunkt til; vi skal arbeide for at nynorsken skal komme sterkare, ikkje svakare ut av samanslåingsprosessane. Språket vårt må hjelpast fram i næringslivet og i fagrørsla – og ikkje minst må barn som veks opp i nynorske barnehagar og skular, få betra utviklingsvilkår.

Eg vil oppmode alle som er engasjerte i desse og andre utfordringar til å uttala seg om arbeidsprogrammet. Frist er 20. februar – nødvendige opplysningar finn du på nettsida vår.

LIKEVEL ER DET slik at sjølv om eit Noregs Mållag med rekordarta medlemstal har ei viss makt, så ligg den verkelege makta hos styresmaktene som har til

oppgåve å vedta lover og passe på at allmugen følger dei. Ein viktig instans i dette er Utdanningsdirektoratet, der Noregs Mållag møter toppleiinga denne februar månaden. Det er ved det høvet papirutgåva av Jærbladet skal fram og klaskast ned på eit viktig skrivebord. «Elevar får ikkje nynorsk på digitale verktøy» skal dei som bestemmer, få lesa. Svart på kvitt. – Dette er ei lovbro, skal eg seia da.

Eg veit ikkje kor stor makt det er i ei papiravisframside lenger, men noko er det vel, og saman med mange andre verkemiddel i eit framtidsretta arbeidsprogram skal det hjelpe oss til å få digital nynorsk no.

Djevelen ligg i detaljane, seier engelskmennene.

For nynorskbrukarane ligg djevelen ofte i teknologien.

SAGT

– Stem på mæ – æ love – æ skal lære dykken så mange nye åor og uttrykk! Jorun Stiansen takka Vennesla og dialekta for at ho kom til kvartfinalen i Skal vi danse.

Fæ'drelandsvennen

– Eitt eller anna seier meg at kulturskulen i Nordfjordeid gjer ein god jobb.

**Arild Torvund Olsen
på Facebook etter MGP-finalen**

– Vi søykjer en jurist

**Kulturdepartementet
prøvar seg på nynorsk**

– Dagen vert ikkje heilt den same utan

**VG etter at Gard Steiro
fekk Målprisen 2017**

– Det kan ikkje kallast ein heim om det ikkje er plass til ein dumpar i tunet

**Lothepus-sitat
på baksida av biografien hans.**

– Ivar Aasen hadde vore i fyr og flamme! Og når det hadde mørkna bak gardino, hadde han tekje seg som ein piruett på golvet og steikt seg egg og flesk til kvelds. To egg!

**Oddny Miljeteig på Facebook
om oppattskipingsmøtet i Vaksdal**

– Målfolk kan brukast til nesten alt. Sidan sist har Per Henning Arntsen, økonomikonsulent i Noregs Mållag, delteke i TV3-programmet Visning. Og jammen har ikkje Inger Johanne Sæterbakk, styremedlem i same organisasjon, vore med i TV2-favoritten Jakten på kjærligheten. Men no ventar verda spent: Får vi spinoff-serien der Visning-Per Henning møter Jakten-Inger Johanne?

Jens Kihl på Facebook

– Altså, når mediebildet er stappfullt av ulike forarga og indignerte interesseorganisasjonar som utelukande er opptekne av at akkurat deira organisasjon eller tiltak burde fått meir pengar i regjeringa sitt budsjettframlegg, så blir det jo heilt forbanna umogleg å kome gjennom med budskapet om at nynorskinstitusjonane bør få meir pengar i regjeringa sitt budsjettframlegg!

**Styremedlem Peder Lofnes Hauge
på Facebook**

Livet er godt.
Når katten får mat.
Når barn er glade.
Når sola skin.
Når blomane er fine.
Når hjarta er stort.

**Mahmoud Abdelmajid,
deltakar på norskkurs på Hjeltnes,
Ulvik, i avisa Hordaland.**

Her på Selbak har det blitt asfaltert i det siste men, stusser litt på skiltet som er satt opp. Det står: Høg asfaltkant. Og det er vel nynorsk? Burde jo stått høy. Peanuts, men litt artig å påpeke det syns jeg, da vi ikke skriver nynorsk her.

Ein tingar av Fredrikstad blad

Dramatisk kutt i støtte til Norsk Barneblad

Tidsskriftet **Norsk Barneblad** opplever opplagsauke, men den økonomiske støtta er kutta med nesten ein tredel på to år.

600.000 kroner i støtte frå Kulturrådet vart i fjor redusert til 500.000 og i år til 420.000.

– Det går ikkje, vi kan ikkje drive med underskot år etter år. Vi har ikkje kostnader å kutte. Portoen går opp, og det blir ikkje billegare å trykkje. Vi driv seriøst, ikkje dagnadsbasert, og fagfolk må honorerast skikkeleg, seier **Nana Rise-Lynum**, ansvarleg redaktør i **Norsk Barneblad**, til avisa Nationen.

Ho fortel at opplaget har auka dei siste åra.

– For aviser er pressestøtta sånn at dei får meir i statsstøtte når opplaget veks. For oss er det for tida motsett. Ungane vil ha bladet, men dei vaksne gjer det vanskelegare å drive, seier ho.

Norsk Barneblad har dei siste åra søkt om 600 000 kroner i støtte frå Kulturrådet, det svarar til 20 prosent av omsetnaden. (NPK)



76 549 nynorskelevar

Talet på nynorskelevar går fram i Telemark og Hordaland, men for heile landet samla går det tilbake. **Grunnskolen Informasjonssystem** som Utdanningsdirektoratet oppdaterer, har lagt ut oppdaterte tal for hausten 2017. Dei oppdaterte tala syner at det er 76 549 nynorskelevar frå 1. til 10. klasse i Noreg. Det er ein nedgang på 197 elevar frå sist skuleår. Det er 547 511 bokmålelevar og 814 samiskelevar.

Os kommune er den kommunen der talet på nynorskelevar aukar mest. Dei har 135 fleire nynorskelevar i år enn i fjor, og har dermed 2490 nynorskelevar. Hå kommune i Rogaland har gått forbi Stord og er dermed den kommunen med høgste nynorskelevtal i Noreg. Dei har 2512 nynorskelevar. Stord er rett bak med 2507 nynorskelevar.



Nynorsk avissenter har lært opp 41 unge journalistar som skriv nynorsk. Her er kull 10 (f.v.) Kjell Ove Nordeide, ny dagleg leiar, Per Lønning, Vette Mikkelsen, Thomas Vie Nordeide og Torvald Hjelden Sætrang.

Foto: Ivar Myklebust Longvastøl

Nynorsk journalist-utdanning får ny leiar

Journalistutdanninga, Nynorsk avissenter, i Førde har fått ny leiar. **Kjell Ove Nordeide** overtok som leiar 1. januar.

Nordeide har lang fartstid frå redaksjonen i avisa Firda der han mellom anna har jobba som redaktør, redaksjonssekretær, vaktsef, utgåvesjef og frontsef. Det siste halve året har han òg vore faglærar på avissenteret, skriv Nynorsk avissenter i ei pressemelding.

Nordeide overtek som leiar etter Ivar Myklebust Longvastøl, som har vore leiar på avissenteret sidan 2014.

Nynorsk avissenter er eit opplærings- og kompetansesenter for aviser som brukar nynorsk. Firda Media starta hausten 2013 senteret med økonomisk støtte frå Vinjefondet i Kulturdepartementet, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Innovasjon Noreg, Sogn og Fjordane fylkeskommune og aviskonsernet Amedia som eig Firda Media. (NPK)



LETTARE: Nytt ressurscenter skal gjera det enklare å driva nynorskopplæring for vaksne innvandrarar. Her

VAKSENOPPLÆRING PÅ NYNORSK:

Blir ressur

Ulstein kompetansesenter blir ressurscenter for vaksenopplærings-sentera som nettopp har begynt å undervise på nynorsk, eller som vurderer å gå over frå bokmål til nynorsk.

ULSTEIN KOMPETANSESENTER HAR dette skuleåret fått 100.000 kroner av Kompetanse Noreg for å vere eit ressurscenter for vaksenopplærings-sentera som nettopp har begynt å undervise på nynorsk, eller som vurderer å gå over frå bokmål til nynorsk.

Mali Åm jobbar som inspektør ved Ulstein kompetansesenter, og har jobba som norsklærar for innvandrarar på heiltid sidan ho flytta til Ulstein i 2002.

– Her på Søre Sunnmøre var det eit godt samarbeid mellom vaksenopplærings-sentera, og vi var fleire som ønskte å kunne undervise på nynorsk. Vi tok mellom anna



Mali Åm jobbar som inspektør ved Ulstein kompetansesenter, og har jobba for å få nynorsk læremiddel for vaksne innvandrarar heilt sidan første lærarjobben ho hadde i Solund i Sogn i 1999.

kontakt med diverse forlag og med Aasen-tunet, fortel ho til LNK.no.

Har undervist innvandrarar på nynorsk i 15 år

I 2003 kom læreverket NynorskPluss med Bjørg Sandal frå Gloppen som redaktør.

– Vi i Ulstein og nabokommunane har drive norskopplæringa for vaksne innvandrarar på nynorsk sidan den tid.



frå vaksenopplæringa i Gloppen.

Foto: Hege Lothe

rsseanter

Det er den lange erfaringa og engasjementet som har vore grunngevinga for at Ulstein kompetansesenter no har fått dette oppdraget frå Kompetanse Noreg.

– Kva tenkjer du om læremiddelsituasjonen slik han er no?

– Då vi starta med å undervise på nynorsk, var læreverket berre på data og internett og pc-ane var ein del tregare enn i dag. Dette var krevjande for lærarane og deltakarane, fortel Mali Åm.

Dei siste åra har fleire forlag kome på bana, og no er det parallelle læreverk til alle nivå.

– Det siste vi ventar på, er eit nyskrive alfabetiseringslæreverk som skal kome i 2019. Det har aldri vore så mange læreverk tilgjengelege som no.

Tre nye læreverk på nynorsk

Då ho fekk vite at dei kom til å få støtte frå Kompetanse Noreg, gjekk dei til innkjøp av dei 3 nye læreverka som kom hausten 2017.

– Vi har såleis testa ut det meste av det som finst, og det er mykje bra, understrekar Åm.

– På kva måte kan de gi støtte til andre vaksenopplæringssenter?

– Vi har lang erfaring med å undervise i nynorsk på alle spor og nivå, og kan dele tips og erfaringar frå klasserommet. I tillegg håpar eg vi kan bygge opp eit nettverk av opplæringsstader og lærarar som underviser på nynorsk. På den måten vil vi kunne kople saman senter som er like eller nære.

– No er det på tide å gå over til nynorsk

– Kva råd vil du gi til nynorsk-kommunar som enno underviser vaksne innvandrarar på bokmål?

– No er tida til å gå over frå bokmål til nynorsk. Ta kontakt med oss eller andre opplæringsstader som underviser på nynorsk. Hospiter, sjå på læreverka og snakk med lærarane og skuleleiinga.

SVEIN OLAV LANGÅKER
LNK



Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, Hilde Anita Røyrvik og Cicilie Færeststrand frå Fjord1, og jurymedlem Arne Hjeltne. (Foto: Kjartan Helleve)

Nynorsk næringslivspris til Fjord1

– **FJORD1 HAR GJENNOM** mange år vore ein medviten nynorskbrukar. Dette kan ein som reisande merke sjølv i små detaljar som billetter, nettsider og meldingar frå selskapet. I ein bransje der bokmålet dominerer, veit vi at det perfekte ikkje alltid er oppnåeleg, men Fjord1 viser det vi vil kalle vilje til språk, sa Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, då prisen vart delt på ei tilskiping i Oslo.

Med seg i juryen har han Arne Hjeltne som også var med på prisutdelinga.

– Det er utruleg viktig å lese nynorsk på veg til jobb og skule. Samstundes er Fjord1 i ei eiga klasse. Føretaket er no blitt børsnotert, og det syner at nynorsk ikkje berre høyrer heime i lokale verksemder, seier Arne Hjeltne.

Det var Cicilie Færeststrand og Hilde Anita Røyrvik frå Fjord1 som tok mot prisen.

– Vi vart veldig overraska over prisen, og sjølv sagt veldig glade. Nynorsk er språket vårt, det står i sty-

ringsdokumenta våre. Diplomet skal opp på vegg i styrerommet, som ei påminning om dette, sa Cicilie Færeststrand, HR-leiar i Fjord1.

Juryen har i år lagt særskild vekt på at Fjord1 er i ein bransje der det ikkje er vanleg med god målbruk.

– Spesielt synest vi at Fjord1 skal vere stolt over «Ferdamat». Det er eit konsept for sunn mat og mat som er lett å ta med seg i bilen - og ikkje minst er det eit mattilbod som bramfritt står fram som nynorsk. Vi vonar Fjord1 vil halde fram å vere eit godt føredøme for andre større aktørar i næringslivet når det gjeld å bruke nynorsk, sa Magne Aasbrenn.

Noregs Mållag har delt ut nynorsk næringslivspris sidan 2006 og årets prisvinnar er den niande i rekkja som får denne heideren.

I tillegg til Arne Hjeltne og Magne Aasbrenn, sit Mariann Njøsén, Nina Berge Rudi og Øystein Skjæveland i juryen.

ERIK GROV

Bergensk plan for meir nynorsk

Byrådet i Bergen legg no fram ein plan for korleis nynorskbruken i byen skal bli betre. Mållaget er nøgd.

– Vestlandet er nynorskens hage, og Bergen må gjødsle han, seier byrådsleiar **Harald Schjelderup** til Bergens Tidende. Han vil innføre nynorskvote på all informasjon frå kommunen.

Bakgrunnen er eit bystyrevedtak frå 2016 der «byrådet legg fram ei sak som viser korleis kommunen gjennom ein aktiv språkpolitikk kan bidra til at Bergen tar sitt språklege ansvar som Vestlandets nynorsk hovudstad».

Noregs Mållag har lenge arbeidd for og ønskt seg ein slik plan som sikrar eit minimum av nynorskbruk i Bergen.

– Det at Bergen no formår ut ein plan for målbruk som så klart slår fast at nynorsken har ein plass i Bergen, og som ønskjer å stø opp om han, er viktig for statusen til nynorsken på heile Vestlandet, seier Aasbrenn.

Dette er nokre av tiltaka byrådet vil setje i verk:

Innbyggjarar skal få svar i same målform som dei skriftleg vender seg til kommunen på.

Informasjon om retten til å velje eit anna opplæringsmål enn det skulen har som opplæringsmål, skal gjerast lett tilgjengeleg.

Ti prosent av all utoverretta kommunikasjon skal vere på nynorsk. (NPK)

Presenterte programmet

I år er det 200 år sidan **Aasmund Olavsson Vinje** blei fødd. Torsdag blei programmet for jubileumsåret presentert på Det Norske Teatret i Oslo. Over 200 arrangement skal gå av stabelen på 60 ulike stadar i landet.

– Vi blir aldri ferdige med Aasmund Olavsson Vinje. Han var så moderne og så lite A4 i diktinga og journalistikken sin at det er nødvendig at vi feirar og minnest livsverket hans gjennom heile året, sa leiar i den nasjonale jubileumskomiteen for Vinje-året, Jon Rikard Kleven, under presentasjonen av programmet for jubileumsåret.

Ifølgje Kleven skal jubileet vere med på å gjere fleire medvitne om kva betydning arbeidet til Vinje hadde både då han levde, og no.

– Han var utruleg viktig på svært mange felt. Han var journalist, essayist, lyrikar og samfunnsrefsar. Med jubileet ønskjer vi at fleire skal bli kjende med arbeidet hans, seier han til Nynorsk pressekontor.

Vinje satsar stort på Vinje

I tillegg til å vere leiar for jubileumskomiteen er òg Kleven ordførar i Vinje kommune i Telemark. Aasmund Olavsson Vinje var frå Vinje, og difor satsar kommunen no stort på jubileumsmarkeringa.



Dette er den offisielle logoen til Vinje-jubileet. Han er utvikla av Tank Reklamebyrå for Nasjonalbiblioteket på oppdrag frå Vinje kommune.

– Når ein så profilert person stammar frå vår kommune er, det heilt naturleg å legge mykje i ei stor markering. Det trur eg dei fleste kommunar i same situasjon ville gjort, seier Kleven.

Kommunen brukar like mykje pengar på jubileet som mange kommunar brukar på kulturtilbodet for innbyggjarane på eit heilt år.

– Går jubileumsmarkeringa utover anna kulturtilbod i Vinje kommune?

– Vi brukar om lag ein million kroner på jubileumsfeiringa. I tillegg går det nokre hundretusen med til opprusting av barndomsheimen til Vinje, Vinjestoga. Men det går likevel ikkje utover anna kulturtilbod i kommunen, forsikrar Kleven.

Over 200 arrangement

Vinje kommune er langt frå dei einaste som skal markere jubileet.

– I samband med jubileet skal vi teppebombe heile landet med Vinjestoff, sa sekretær i jubileumskomiteen, Anders Sandvik, til Nynorsk pressekontor tidlegare i vinter.

Programmet som no er lagt fram, ser ut til å stemme godt overeins med det Sandvik sa tidlegare. I programmet kjem det nemleg fram at det skal vere over 200 Vinje-arrangement i år.

– Mangfaldet i jubileumsåret er heilt enormt. Heile programmet rekk vi ikkje å liste opp her. Men eg kan nemne at det svingar frå Vinje-slam og dokketeater til Aasmund-skål i Vinje-akevitt og bispevisitt på Vinjemesse i Vinje kyrkje, sa Sandvik under programpresentasjonen.

Siw Elena Skinnemoen og Eirin S. Skinnemoen er to av bidragsytarane i jubileumsåret. Dei skal på turne



Leiar for jubileumskomiteen for Vinje-jubileet og ordførar i Vinje, Jon Rikard Kleven (til venstre), og sekretær i jubileumskomiteen, Anders Sandvik.

Foto: Kjell Åsmund Sunde/ NPK

rundt om i landet med det nyskrivne dokketeaterstykket Blåmann.

– I stykket møter vi karakterane Aasmund og Blåmann. Stykket handlar om vennskapet mellom dei to, og stykket er skriven med utgangspunkt i songen «Blåmann, Blåmann, bukken min», sa dei to under programpresentasjonen.

60 kommunar skal markere

Det er ikkje berre Vinje kommune som skal feire. Heile 60 kommunar skal ha tilstellingar i samband med jubileet. På lista over arrangementsstadar finn ein kommunar som ligg

nesten overalt i Noreg. Nokre døme er Oslo, Inderøy i Trøndelag, Lom i Gudbrandsdalen og Ørsta på Sunnmøre.

– Eg ønskjer spesielt å trekke fram Gran kommune på Hadeland, som skal ha fleire store arrangement i samband med jubileet, sa Sandvik.

– At så mange vil markere Vinje, syner berre kor stor han var. Jubileet blir ein nasjonal dugnad, og det er fantastisk at så mange kommunar går inn med eigne økonomiske midlar for å markere han, seier Kleven.

KJELL ÅSMUND SUNDE
NPK

– Stortinget bør snarast vedta dei nye fylkesnamna

STYRET I NOREGS Mållag oppmodar politikarane om å følgje råda frå fagfolk når Stortinget skal vedta dei nye regionane.

Ei rekke fylke blir no slått saman og skal få nye namn. I denne prosessen har namnevala i stor grad blitt til gjennom politiske kompromiss som har enda opp med å gå på tvers av alle faglege innspel.

– Resultatet er slik Noregs

Mållag ser det, at dei nye namna som er i ferd med å feste seg, har store manglar. Noregs Mållag ber derfor om at nye fylkesnamn så snart som råd kjem opp i Stortinget, og at Stortinget i sitt samla vedtak stør seg på råda til Språkrådet, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Namna på fylka er lovheimla i «lov om forandring av rikets inndelings-

navn», som sist blei endra i 2016, da Trøndelag blei gjeldande namn for dei samanslåtte trøndelagsfylka.

I namnedeбата har Språkrådet komme med klare korreksar



til fylkesnamn som berre har «blitt slik» i den politiske prosessen og til dels er vedtatt av fylkestinga. Namnet «Viken» meiner Språkrådet burde vore «Vika» fordi det stemmer betre med vanleg uttale i området av bunden form av hokjønnsordet «Vik».

Språkrådet meiner at «Innlandet» som namn på det samla Oppland og Hedmark, er eit dårleg

namneval og går inn for «Opplanda». Språkrådet er dessutan kritisk til namnevalet «Vestlandet» på det som trass alt berre er ein del av det området som tradisjonelt blir kalla Vestlandet.

– Styret i Noregs Mållag meiner at det hastar å rydde opp i dette før «bordet fangar» på tvers av vurderingar frå fagmiljø, seier Aasbrenn.

HEGE LOTHE

for Vinje-jubileet



A.O. Vinje, fotografert 1860-åra.

Foto: Ø.O. Kaasa, Nasjonalbiblioteket.

Inviterer til brei mønstring av forskingsbidrag om Vinje

HØGSKOLEN I SØRAUST-NOREG inviterer til ein jubileumskonferanse om Aasmund Olavsson Vinje torsdag 29.-fredag 30. november 2018. Konferansen er ikkje avgrensa til eit bestemt fagområde eller til ei spissformulert problemstilling.

«Vinje er større enn alle etablerte disiplinar. Derfor inviterer vi til ei brei mønstring av forskingsbidrag om Vinje, om mannen og verket, i samtid og ettertid», heiter det i invitasjonen.

Tilskiparane ønskjer at konferansen kan stimulere til auka

forskinsinteresse for Vinje, og at interesserte melder seg på denne dugnaden. Dei ber no om framlegg til foredrag og sesjonar om til dømes Vinje som lyrikar, som forteljar, som målmann, som journalist, presseman og kritiker, som essayist, retorikar, sosiolog, filosof.

Desse har alt meldt frå om at dei vil delta med innlegg på konferansen: Merete Morken Andersen, Norunn Askeland, Herleik Baklid, Liv Blikrud, Gudleiv Bø, Amund Børdahl, Mads Breckan

Claudi, Ståle Dingstad, Peter Fjågesund, Geir Grimeland, Ottar Grepstad, Kristian Ihle Hanto, Andre Horgen, Jens Johan Hyvik, Jon Haarberg, Margit Ims, Eva Maagerø, Sveinung Nordstoga, Kristian Lødemel Sandberg, Thomas Seiler, Olav Solberg, Johan Magnus Staxrud, Sigrud Aksnes Stykket, Bernt Øyvind Thorvaldsen, Bjørn Tordsson, Evy Beate Tveter, Aslaug Veum, Christian Hummelsund Voie, Kai Østberg, Bente Aamotsbakken og Arnfinn Åslund.



ANNE SVANAUG STRAUME

Dagleg leiar i Kringkastingsringen

Godt nytt kringkastingsår

EIT NYTT ÅR fører med seg nye utfordringar. «Det er ingenting som kjem av seg sjølv» er eit uttrykk brukt av mange, og det er minst like aktuelt for oss i Kringkastingsringen som for resten av rørsle. Arbeidet for nynorsk, dialekt og samisk i etermedia held fram på gamle og nye frontar i året som kjem.

PÅ NYÅRET VILLE NRK kutte distriktsendingane sine ned til fire minuttar. Det kom sterke protestar frå publikum, og NRK hadde nok undervurdert plassen til distriktsendingane i dei norske heimane. Nyheita om at NRK snudde, kom 24. januar. Sendingane vert no utvida til ni minuttar att.

ME I KRINGKASTINGSRINGEN ser verdien av at NRK tek attendemeldingar frå publikum på alvor. Publikum ynskjer enkelt og greitt ikkje at NRK skal kutte ned på TV-tilbodet lokalt. Det ynskjer ikkje me i Kringkastingsringen heller, men me meiner utgangspunktet for forandringane var meir positive enn utfallet me no ser.

DISTRIKTSKONTORA MÅ STYRKAST, det kan ein vere einige om. Men når det skortar på ressursane, må ein gjere det beste ut av det ein har. At gode journalistar ved distriktskontora, mange av dei nynorskjournalistar, skulle få meir tid til å lage kvalitetsjournalistikk var positivt. Og me i Kringkastingsringen trur det kunne gjort at nynorsk fekk ein meir framstående posisjon på NRK sine flater.

IFYLGJE GRETHE GYNNILD-JOHNSEN ville NRK flytte ressursar over til å produsere meir kvalitetsstoff på alle flater. Det er positivt. Særleg for NRK som stadig ikkje klarer å fylgje kravet om 25 prosent nynorsk på alle plattformer.

SOM DEN STATLEGE allmennkringkastaren i Noreg har NRK eit særskilt ansvar for å vareta pliktene sine til å bruke nynorsk, dialekt og samisk. I 2016 nådde dei ikkje målet, men me vonar at tala peiker oppover når statistikken for 2017 vert lagt fram seinare i år. Dette kjem me i Kringkastingsringen til å fylgje med på i tida som kjem.

DISTRIKTSKONTORA er uvurderlege for nynorskdelen i NRK. Me meiner at NRK bør gjere meir for å sikre at den lovpålagde nynorskdelen vert fylgt opp. Me er positive til endringar som kan gje nynorsk ein viktigare plass på NRK sine flater. Meir ressursar til nynorsk kvalitetsjournalistikk kunne slått positivt ut på begge område, men i staden har NRK valt å så å seie la alt vere som før. Vert det meir nynorsk utan noka endring? Me ventar no spent på kva planar riks-kringkastaren har for distriktskontora framover.

Ola Breivega debuterer skjønnlitterært med ein historisk roman om motreformasjonen og ei katolsk undergrunnsrørsle.

77 år og debutant

BREIVEGA ER KJEND for å vera over snittet oppteken av språk og rettskriving. Han har leia både Kringkastingsringen og Noregs Mållag, og har arbeidd i Språkrådet. Han har også skrive bøker med råd og tips om korleis skriva godt og rett.

Basert på historiske hendingar

No har han teke ein ørliten pause frå filologen for å debutera som skjønnlitterær forfattar 77 år gammal. I fjor kom boka *Luther! Magister Kristofers memoarar*. Boka handlar om magister Kristofer Rasmusson Hjort, som er fødd inn i ein fin familie. Han er luthersk prest, men i løynd er han katolsk prest. Saman med nokre prestar av same slaget, driv han ei undergrunnsrørsle. Der driv dei med katolsk misjon og tek seg av dei nokså mange nordmennene som framleis er katolikkar, trass i at det har gått fleire tiår sidan reformasjonen. Dei blir tekne, dømde, og mistar eigendomsrett, arverett og retten til å bu i landet. Dei får melding om å koma seg ut av landet.

– Det byrja med at eg tilfeldig kom over ei bok av ein professor Oscar Garstein, fortel Breivega.


– Han var i mange år lektor på katedralskulen i Oslo og samstundes ein velrenommert historikar med særleg kunne om motreformasjonen. Hovudverket hans kom på engelsk og heitte *Rome and the Counter Reformation in Scandinavia*. Som eit ekstrakt av den, skreiv han ei lita bok om Kloster-Lasse, som var i dei katolske motoffensivane. Han er den einaste jesuitten av norsk ætt og var fødd og oppvaksen i Tønsberg. Etter som eg bur i Tønsberg, tykte eg sjølv sagt at dette var veldig interessant. I den boka fann eg historisk stoff som eg tenkte kunne høva ganske godt som utgangspunkt for ein historisk roman.

– Men kvifor roman?

– Ja, og ikkje ein biografi, meiner du? Det kan du seia. Det var vel fyrst og fremst av di eg tenkte det ville vera morosamt å skriva ein roman.

– Så kor mykje er sanning, og kor mykje har du dikta?

– Alt det som står om Hjort og børnene hans, har eg henta frå historiske dokument. Rettsaka deira vart godt dokumentert. Men eg har med to lutherske sokneprestar. Desse har levd, men det er heilt uråd å finna noko som helst prov på at dei har hatt noko med denne undergrunnsrørsla å gjera. Men eg trong dei til å skapa eit litterært driv i teksta. På



GODT STOFF: – Eg tenkte at dette stoffet kunne høva godt i ein historisk roman, seier Ola Breivega.

Foto: Efreml forlag

den eine prestegarden han vitjar, møter han så denne Inger Ingolfsdotter. Ho er heilt oppdikta. Eg trong nokon som kunne vera ein motpol til den veldig katolske Kristofer. Nokon måtte snakka han til rette.

Meint som ei motrøyst

– Boka kom høveleg til jubileet i fjor?

– Ja, ho gjorde det. Ho var jo meint som ei motrøyst til den einsidige feiringa. Eg er katolikk sjølv, og det er ikkje nokon tvil om at sympatien min ligg hjå konspiratorane. Han som melde boka i *Vårt Land*, tok dette poenget. Han meinte det katolikkane vart utsette for i boka, var reine religionsforfylginga, og gjorde denne urettvisa til eit hovudpoeng i meldinga si.

– Korleis er tilhøvet mellom kyrkjene i dag?

– På det institusjonelle planet er det eit godt tilhøve mellom den katolske og lutherske kyrkja i Noreg. Det er samarbeid der ein kan samarbeida. Men det kjem stadig vitnemål frå begge kantar, ikkje minst frå katolsk hald, med eit veldig kritisk innhald. Dag Østereng, som tidlegare var sokneprest i Ulvik, kom vel i forfjor med ei bok som ikkje etterlét den norske kyrkja mykje ære. Og motsett er det ikkje vanskeleg å finna lutheranarar som med sin beste vilje ikkje kan skjønna at det er råd å bli katolikk.

– Er det lov å håpa på fleire romanar?

– Det er det. Eg sit og prøver å få til noko om kona til Luther, Katharina von Bora. Ho er ei veldig fasinerande dame. Men eg må innrømme at det er litt treigt å koma i gang. Det kjem nok til å losna, skal du sjå.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Vil ha ekstre

I eit nytt programforslag går Mållaget inn for ekstrapoeng til nynorskelevar på vidaregåande. Men målungdommen er skeptiske.

– **DET ER** blitt klarare for oss at sånn som skulen er lagt opp i dag, så er ikkje nynorsk- og bokmålslevar likestilte, men bokmålslevane er i røynda favoriserte. Då må me finna tiltak som gir meir reell likestilling, seier nestleiar i Noregs Mållag, Jens Kihl.

Kihl har leia arbeidet med nytt arbeidsprogram for Noregs Mål-

FAKTA

I år skal Noregs Mållag vedta nytt program for perioden 2018–2022. Arbeidsprogrammet skal vedtakast på landsmøtet i Vinje. Framlegget til nytt program ligg ute på heimesida, og alle kan kome med innspel.

lag. I programutkastet som vart lagt fram før jul, går dei inn for at vidaregåande skule-elevar med nynorsk som hovudmål, skal få eit ekstrapoeng ved opptak til høgare utdanning.

Bakgrunnen for forslaget er at nær halvparten av elevane med nynorsk som hovudmål i grunnskulen byter til bokmål som hovudmål på vidaregåande skule.

Like viktig som latin

Jens Kihl forklarar at ekstrapoenget særleg er meint å skulla motverka «taktisk målbyte»: At nynorskelevar byter til bokmål i håp om å få betre karaktersnitt.

– Dette er elevar som slik me ser det, ikkje eigentleg har eit stort ønske om å byta mål, men karaktersystemet er lagt opp slik at det i praksis er lettare å få god karakter i sidemål enn i hovudmål.

– Så er det sånn i dag at ein kan få ekstrapoeng for ei lang rekkje ting, og då meiner me at det til dømes er like viktig at nynorskelevar skal kunna halda fram med nynorsk, som at ein skal få ekstrapoeng for å læra latin, seier Kihl.

– Er det realistisk å få gjenomsnitt for dette?

Når det er politisk vilje til å gi ekstrapoeng for alt frå kjemi til folkehøgskule, bør det vera politisk vilje til dette òg.


MED TILBAKEBLIKK PÅ VESTLANDET:

Dette er nokre av forfattarane som har skrive tekstar til den nye framsyninga «Heim» på Hordaland Teater. F.v.: Mari Hesjedal, Marie Amdam, Marit Eikemo, Frode Grytten, Ragnar Hovland og Sigrid Moldestad.

Foto: Irene Smørdal / Hordaland Teater



Ekstrapoeng for nynorsk



OVER: Jens Kihl har leia arbeidet med nytt program for mållaget.

Foto: Noregs Mållag

TIL VENSTRE: Cindy Tran (18) og Ola Fitjar (19) i tredjeklasse på Stord vgs kunne godt tenkt seg å få ekstrapoeng for å ha nynorsk som hovudmål.

Foto: Svein Olav B. Langåker

– Det er realistisk viss det finst politisk vilje på Stortinget til å sikra at nynorskelevar ikkje skal tapa på å halda fram med nynorsk på vidaregåande. Når det er politisk vilje til å gi ekstrapoeng for alt frå kjemi til folkehøgskule, bør det vera politisk vilje til dette òg.

Skeptisk målungdom

Norsk Målungdom er likevel ikkje begeistra for forslaget. Elise Tørring, nestleiar i målungdomen, har tatt ut

dissens mot forslaget i arbeidsprogrammet, og forklarar det med eit landsmøtevedtak frå 2013 som gjekk imot forslaget om ekstrapoeng for nynorskelevar.

– Det handlar om at me er litt skeptiske til korleis det vil fungera i praksis, og om det kan føra til misbruk ved at bokmålselevar byter til nynorsk rett før eksamen og få ekstrapoeng utan ekstra innsats, seier Tørring.

– Me meiner òg at kompetanse-

måla i utgangspunktet skal vera dei same for hovudmål og side-mål.

Nestleiarer understrekar likevel til at Målungdomen skal ha saka opp til ny drøfting på sitt landsmøte i framkant av landsmøtet i Mållaget.

Ja, takk til ekstrapoeng

På skulen med flest nynorskelevar i Noreg, Stord vidaregåande, blir forslaget om å gi ekstrapoeng godt tatt

imot mellom dei Framtida.no snakka med.

– Viss me får ekstrapoeng, så vil det vera ei gulrot slik at fleire vil ta det, seier Cindy Tran. Ho får støtte av Ola Fitjar, som ho går sisteåret på studiespesialisering saman med.

– Det er greitt at dei vil støtta nynorsken, seier han.

RUNAR B. MÆLAND
OG SVEIN OLAV LANGÅKER
Framtida

Hordaland Teater med musikalsk tidsreise

MED STORSATSINGA «HEIM» inviterer Hordaland teater publikum til å mimra over typiske trekk ved dei siste femti åra – ikkje minst på Vestlandet og i Hordaland.

16. februar var det premiere på den første tidsreise frå 1965–1975. Det er teatersjef Solrun Toft Iversen ved Hordaland Teater som har ideen til og regien på framsyninga. Til å laga det første kapittelet av den historiske tidsreise har ho fått hjelp av ni vestlandske forfattarar. Dei ni forfattarane representerer både kjende og nye forfattarstemmer.

– Ei av dei viktigaste oppgåvene våre er å få dei nye nynorske stemmene inn på scenen – og i tillegg seia noko om identiteten vår og kven vi er. Då syntest eg den nyare historia er veldig spennande, seier Toft Iversen.

Målet er å laga ei musikalsk tidsreise frå Hordaland i fire bolkar frå 1965 til 2005. No er teateret i full gang med prøvane på den første tidsreisebolken.

I skuggen av den store verda

– Det første kapittelet inneheld mellom anna fleire døme på korleis den store verda kom inn til bygd og by både ved at vi fekk fjernsyn og gjennom musikken der Bergensbandet SAFT i 1974 vann Europatoppen, fortel Toft Iversen.

Industrien i endring, oppdaginga av naturressursane og etableringa av oljeindustrien på Vestlandet er andre tema framsyninga er innom.

Teatersjefen er ikkje minst oppteken av dei store endringane oljeindustrien førte med seg for folk i distriktet.

– Overgangen frå det å leva av jordbruk og fiske til det å leva av oljeindustrien er svært interessant med tanke på identiteten til folk på Vestlandet, meiner ho.

Då teatersjefen ringde rundt til forfattarane, fekk dei i oppgåve å førestilla seg konkrete episodar i Hordaland fylke i perioden 1965 til 1975 og skriva ut frå ordet «heim» på ein eller annan måte.

– Som små noveller

– Det er ei oppgåve det både kan vera knytt mykje nostalgi og ambivalens til, seier ho.

Toft Iversen karakteriserer tekstane til forfattarane som små noveller som er sydde saman til ein heilskap.

Publikum blir mellom anna tekne med tilbake til ferjekaien i Kvanndal, grendehus på Sotra, og bryggjedans

på Bømlo. Vi får også høyra om korleis det å reisa til byen før var ei dagsreise, om ei jente i Etne som har fått jobb i sparebanken. men som lengtar vekk og drøymmer om å bli flyvertinne – og ei rekkje andre kvardagshistorier frå andre stader i fylket.

Sjølvm om forfattarane har hatt Hordaland og Vestlandet som ramme, trur teatersjefen likevel at mange andre vil kjenna seg att i historiene som blir fortalde.

– Kva forventningar har du sjølv til framsyninga?

– Eg håpar framsyninga både skal gje publikum varme, nostalgiske og morosame augneblinkar, og at ho skal utfordra oss i synet på kven vi er som vestlendingar, seier Solrun Toft Iversen.

MARGUNN SUNDFJORD/NPK
margunn@npk.no

Regjeringa vil styrke kvensk språk

Regjeringa set i verk tiltak for å bevare kvensk som eit levande språk.

– Kvensk språk er ein viktig del av vår felles kulturarv. Språket er i dag i ein kritisk situasjon, og språkarbeidet må styrkjast. Målet til regjeringa er at planen skal legge til rette for at kvensk framleis skal vere eit levande språk, uttalte kommunal- og moderniseringsminister **Monica Mæland**, under lanseringa av «Målretta plan – vidare innsats for kvensk språk 2017–2021» i Tromsø tysdag.

Planen inneheld tiltak innanfor barnehage og grunnopplæring, høgare utdanning og forskning, og språkleirar for barn, ungdom og voksne. Nokre av tiltaka er nye, og andre er vidareføring og styrking av eksisterande tiltak.

Forsknings- og høgare utdanningsminister **Iselin Nybø** (biletet) meiner det er viktig å utdanne lærarar med høge kvalifikasjonar i kvensk.

Universitetet i Tromsø har allereie eit studietilbod i kvensk språk.

– Universitetet får no ei ekstra løyving på 750.000 kroner for å utvikle eit lærarutdanningsstilbod med praksis og fagdidaktikk i kvensk språk, byggje nettverk og rekruttere studentar. Frå 2019 vil studentar som tar kvensk som del av lærarutdanning, få ettergitt inntil 50.000 kroner av studielånet, seier Nybø. (NPK)



Foto: Sveinung Bråthen / CC

Skjerpar pedagognorma

Regjeringa har vedtatt ei skjerping av pedagognorma i norske barnehagar, og frå 1. august blir det krav om fleire barnehagelærarar i barnehagane.

Frå august skal det vere minst éin pedagogisk leiar per sju barn under tre år, og minst éin pedagogisk leiar per 14 barn over tre år.

I dag er minstekravet éin pedagogisk leiar per sju–ni barn under tre år og éin pedagogisk leiar per 14–18 barn over tre år.

– Det er viktig at fleire av dei tilsette i barnehagen er barnehagelærarar. Dei er nøkkelen til å få til ein god barnehage, seier kunnskapsminister **Torbjørn Røe Isaksen** (H).

Utdanningsforbundet uttalte under valkampen i haust at dei var skuffa over at Høgre ikkje vil love 50 prosent barnehagelærarar. Med skjerpinga av pedagognorma vil 43 prosent av dei tilsette vere barnehagelærarar.

– Men vi siktast endå høgare, så det er ingen grunn for kommunane å stanse rekrutteringa på 43 prosent. Neste skritt blir å sikre mange nok vaksne gjennom ei ny nasjonal bemanningsnorm, seier Røe Isaksen. (NPK)

App skal fornye songkulturen

Musikkseksjonen ved barnehageutdanninga på Oslomet – storbyuniversitetet har fått seks millionar frå Sparebankstiftelsen DNB til å utvikle songappen Trall som skal støtte og fornye songkulturen i barnehagar og skular.

– Trall skal vere eit innovativt, skapande, leikande og dynamisk verktøy som tilbyr musikalsk breidd og mangfald av høg kunstnarisk kvalitet. Songane skal spelast inn med nye, gode arrangement og med variasjon i besetning og sjanger, seier høgskulelektor **Liv Anna Hagen** i HiOA til Pirion.no.

Musikkseksjonen ved barnehagelærarutdanninga skal utvikle appen saman med Fakultet for teknologi, kunst og design.

Gjennom prosjektet ønskjer ein å samle kring 250 songar i ein dynamisk kanon med både nye og gamle songar. Prosjektet skal føre til ny musikalsk praksis i barnehagar, på skular og i lærarutdanninga. Målet er at appen skal vere ferdigutvikla innan tre år, men ein ventar ein pilot i god tid før det. (NPK)

Når barnehagane får stadig meir ansvar for den fyrste språkopplæringa, må dei vera medvitne om kva språk ungane seinare skal læra på skulen, meiner forskarane **Eli Bjørhusdal** og **Ingvil Brügger Budal**.

Den fyrste songen

BARNEHAGANE ER IKKJE

det dei ein gong var. Det kan ein meina kva ein vil om, for innhaldet er uansett fastlagt av styresmaktene. I fjor haust fekk dei offentlege barnehagane ein ny rammeplan. Det er ei smørbrødsliste av gode intensjonar, og om ungane går ut av barnehagane med full pott, så vil det nok gå bra med dei seinare i livet.

Lærer å skriva

Eitt av fagområda er «Kommunikasjon, språk og tekst». Ein ikkje heilt uvesentleg del av å vera ein del av eit samfunn. Dette stod det også mykje om i den førre rammeplanen frå 2006, men her får ein auge på at ambisjonane har auka. Der ein tidlegare var oppteken av å læra ungane å uttrykkja seg og vera nokolunde verbale, skal dei no også få den fyrste skriveopplæringa. Dei skal «gjere seg erfaringar med ulike skriftspråksuttrykk, som leikeskrift, teikning, bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar». Det er lenge sidan det vart snakka om at dei seks år gamle fyrsteklassingane skulle gjera nokolunde det same som dei ville ha gjort i barnehagen.

Dermed handlar ikkje overgangen frå barnehage til skule om at ein har lært å sitja stille og venta på tur. No skal, i alle fall i teorien, fyrsteklassingane vera godt i gang med å læra å skriva når dei møter fyrste skuledag. Og om dei skal ha nynorsk som opplæringsmål på skulen, så ville det ha vore ein stor føremon om denne «leikeskrifta» forma «leikenynorsk» og ikkje «leikebokmål». Men det finst det ingen garantiar for at ho gjer.

Det finst ingen reglar for kva språk som skal vera synleg i ein barnehage. For



KVIT FLEKK: – Nynorsk er ein kvit flekk i barnehagelandskapet, seier Ingvil Brügger Budal.

Foto: privat

sjølv om språkopplæring og språkstimulering er sentrale oppgåver, så har enno ingen kome på at barnehagane skal koma inn under ei opplæringslov eller liknande. Kva språk som regjerer, er heilt opp til den enkelte styraren og dei tilsette. Den nye rammeplanen gjev ingen føringar for dette. Då må nokon gjera dei medvitne.

Det er målet med boka *Nynorsk med dei minste*. Ho er ei samling med fagtekstar, praktiske døme og nye skjønnlitterære tekstar. Målgruppa er studentar, faglærarar og forskarar i høgare utdanning, tilsette i barnehagar og skular og alle som arbeider med nynorsk språkstimulering i teori og praksis.

– Boka fyller eit tomrom, seier Ingvil Brügger Budal, som har redigert boka saman med Eli Bjørhusdal.

– Eg meiner me har gjort eit nybrottsarbeid. Nynorsk er ein kvit flekk i barnehagelandskapet. Skal det vera

noko poeng i å bli kjent med skriftspråket sitt i barnehagen, så må det vera det same skriftspråket som ungane skal læra på skulen. Dette er noko dei fleste skjønar, seier Budal.

Medvitne barnehagar

Utfordringa ligg i at språkstimulering og språkopplæring er relativt ferske øvingar. Ingen veit heilt sikkert korleis dette arbeidet blir gjort i praksis, eller kva status dette arbeidet skal ha.

– Systematisk språkstimulering kom for alvor inn i rammeplanen frå 2006, fortel Eli Bjørhusdal.

– Barnehagane vart sette på som ein heilt sentral arena for språktileigning. Det nye er at ein vil at barnehagane skal byrja med skriftspråkstimulering. Med det nærmar ein seg ei formell opplæring. Dei som utformar planane, vil nok hevda at det framleis berre er stimulering, men dette blir eit definisjons- spørsmål. Det er ikkje nokon



TRENG PLAN: Barnehagane ha vera medviten på opplæringa som skjer i uformelle former; læring gjennom lek, gjennom høgtlesing, med tekst på hyller og kva rim det er dei seier fram.

Foto: Kjartan Helleve



FRAMLEIS SKILJE: – Eg tviler sterkt på at me kjem til å enda opp med formell opplæring slik me ser det i skulen, seier Eli Bjørhusdal.

Foto: privat

tvil om at utviklinga går frå stimulering til opplæring, seier Bjørhusdal.

Dei to forskarane seier at dei sit med eit inntrykk av at barnehagane er medvitne om ansvaret dei har fått. Til dømes syner språkarbeidet att i årsplanane. Bjørhusdal syner også til dei mange statlege kampanjane.

– Dei siste åra har det kome mange kampanjar og språkpakker frå sentralt hald, no seinast med Språkløyper. Så barnehagane veit nok om det. Men skriftspråkopplæring er noko nytt, det er vanskelegare å

få til, det krev meir kompetanse og arbeid.

Budal er samd

– Med mindre barnehagelærarane får auka kompetanse på utforskande skriveopplæring, så blir det fort at dei tek med seg undervisningsmetodar frå då dei sjølve lærde seg å skriva. Det er metodar som i utgangspunktet høyrer heime i skulen, men som no kan bli nytta i barnehagen.

Uformell opplæring

Då seksåringane ikkje lenger skulle gå i barne-

hage, var barnehagefeltet skeptisk. Mange meinte at ungane ikkje var modne nok, og at dei hadde hatt godt av å vera i barnhagen eit år til. Det vart difor lova at det fyrste året på skulen skulle vera prega av lek og fridom. Den lovnaden vart broten etter få år, og mange førskulelærarar og lærarar er framleis skuffa over kor fort læringstrykket vart dytta ned på seksåringane. Ønsket om at barnehagen skal vera ein stad for frileik, lever i høgste grad.

– Eg har ikkje møtt ein einaste person i barnehagefeltet som hardnakka meiner noko anna, seier Bjørhusdal.

– Så eg tviler sterkt på at me kjem til å enda opp med formell opplæring slik me ser det i skulen. Men det er heilt openbert at det skjer læring i barnehagen, og det må ein ta omsyn til. Ein kan ikkje lata som om det ikkje går føre seg ei språkopplæring, og då må praksisfeltet bli medvitne om kor vidt det er nynorsk eller bokmål som er synleg.

Hovudpoenget deira er å vera medviten på opplæring

som skjer i uformelle former; læring gjennom lek, gjennom høgtlesing, med tekst på hyller og kva rim det er dei seier fram. Dei fortel om eit enkelt døme. Ei biletkortpakke la opp til at ungane skulle finna ut kva ord som rima. Eit av korta synte ein kjole, og ungane skulle gissa om «kjole» rima på «gitar», «gaffel» eller «skule».

– Det var openbert at meininga var at det skulle rima på «skole», men det ligg langt i frå talemålet til mange ungar. Og me får håpa at i dei fleste nynorsk-område, så rimar framleis ikkje «korg» på «spurv». Korta var tydeleg meinte for eit anna talemål. Ungar som skal ha nynorsk som opplæringsmål, treng å møta språket sitt i barnehagen.

Vitskapleg innhald

Boka deira er ei blanding av vitskaplege tekstar, døme frå godt språkarbeid og heilt nyskrivne skjønnlitterære tekstar og nyteikna illustrasjonar.

– Heilt frå starten var det viktig for at dette skulle vera ei tilgjengeleg bok, fortel Budal.

– Dei skjønnlitterære tekstane bryt opp og lettar det vitskaplege innhaldet. Målet er at boka skal bli nytta i barnehagane, på praksisplanet. Då nyttar det ikkje med ei massiv vitskapleg tekstsamling.

Bjørhusdal seier likevel at det vitskaplege måtte vera med.

– Vitskapen måtte vera med, sjølv om me veit at det nok ikkje er dei tekstane som blir lesne. Men det rettferdigger at folk i bransjen kan gjera seg bruk av boka. For det andre er det er eit sjølvstendig poeng at det blir nynorsk skriftspråktileigning for ungar og nynorsk språkstimulering blir ein del av den språkvitskaplege og språkdidaktiske forskingsdiskursen. I andre land med fleire offisielle språk, som t.d. Wales og Canada, er det levande vitskaplege ordskifte om korleis ein best ordnar språkopplæringa. I Noreg går dette ordskiftet føre seg i målrørsla, men ikkje som vitskap på utsida. Det er på høg tid.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Målblome til Klaus Mohn

STAVANGER MÅLLAG HAR gitt Målblomen 2017 til Klaus Mohn, professor i oljeøkonomi på universitetet. Laget la vekt på at Mohn var ein synleg storleik innan fagfeltet sitt, og som syner at nynorsk kan nyttast til kva som helst.

«Professor Mohn har synt at nynorsken er ein framifrå reiskap når ein skal forklare riggkrise, Lofotopning eller Lofotstenging for 700 kroner, prisprognosar, Opec-kartell og handlingsregel over statsbudsjettet. Ikkje reint lite kjekt er det at Mohn blir lesen andre stader òg. Med andre stader meiner vi sjølv sagt inne i Oslo. Det varmar ekstra. Vinnaren av målblomen for i år er ein førsteklasse fagmann og ein framifrå representant for nynorsken i Stavanger og Rogaland anno 2017», heitte det i grunngevinga.

Prisen vart delt ut under ei tilskiping laget hadde på KÅKÅ Kverulantkatedralen. Under tittelen «Nynorsk = Nye Stavanger?» løfta laget fram språkspørsmålet i den nye storkommunen. Det var innleiingar frå Peder Lofnes Hauge og Dag Jørund Lønning, og etterpå var det panelordskifte med mellom anna Per Inge Torkelsen som ein av deltakarane.



HEIDRA: Klaus Mohn, professor i oljeøkonomi, vart heidar med Målblome 2017.

Foto: Stavanger Mållag

«Stavanger risikerer å mista statusen som «byen vår» viss ein ikkje femner regionen rundt og respekterer språkkulturen», var ein av konklusjonane.



Noko for ditt lokallag?

Blåmann, Blåmann bukken min

Aasmund og Blåmann er bestevener. Ein dag kjem ikkje Blåmann heim. Kva kan ha skjedd?

Dokketeater av og med **Siw Elena Skinnemoen** og **Eirin S. Skinnemoen**. Mange aktivitetar både før og etter dokketeatret kjem. på besøk. Framsyninga er Folkeakademiet sitt bidrag til 200-årsjubileet for A.O.Vinje. Passar for barn frå 3 år, men passar òg for alle som er glade i songen. Varer om lag 35 minutt. Ein fin måte å markere jubileet for ditt lokallag?

REISERUTE:

Telemark, Vestfold og Buskerud: 3. – 15. april
Trøndelag, Møre og Romsdal: 5. – 18. mars
Rogaland: 28. april – 5. mai
Nordland, Troms, Finnmark: 28. mai – 1. juni
Oppland og Hedmark: 8. – 14. oktober
Sogn og Fjordane: 8. – 16. september
Oslo og Akershus: 2. – 18. november

Sjå www.folkeakademiet.no for meir informasjon, prisar og tinging.



NT LANDET RUNDT

NY AKTIVITET PÅ KARMØY: Etter mange år utan aktivitet er det endeleg kome nytt liv i mållagsarbeidet på Karmøy. Og no har dei fått eit nytt namn: **Karmøy dialekt- og mållag.**

Det er Berit Sandve, leiar i laget, og Sissel Førde, skrifvar, som har stilt seg i spissen for det nye laget. Saman har dei fått saman eit godt styre og har allereie bak seg fleire vellukka og godt besøkte tilskipingar. Laget gjer eit veldig godt verveiarbeid og er inne på vervetoppen blant lokallaga. Gjennom siste året har laget verva heile 24 nye medlemmer. I fleire år har oppattskiping på Karmøy vore høgst på ynskelista for fylkesmållaget Karmund Mållag.

SANDNES MÅLLAG 100 ÅR: Då Sandnes Mållag vart skipa, heitte det Høyland Mållag. Den 10. mars feirar laget 100-årsjubileum. Jubileumsfesten er i byen si storstove på Quality Hotel Residence.

Det vert trerettens festmiddag, program, innbedne gjester og høve til helsingar. Noregs Mållag stiller med Jens Kihl som gjest. Festkomiteen lovar ein gild og minnerik kveld!

DEN TOSPRÅKLEGE KOMMUNEN: Sunndal Mållag i samarbeid med Sunndal kommune inviterer til seminar om språkkultur og språkbruk i kommunane. Seminaret har fått tittelen Den tospråklege kommunen.

Det blir onsdag 28. februar. Gudrun Kløve Juuhl frå Høgskulen i Volda skal snakke om Korleis få den fyrste språkkopplæringa til å bli eit godt grunnlag for opplæringa i bokmål og nynorsk på (barne)skulen. Medan Marit Aakre Tennø frå Noregs Mållag skal snakke om Korleis endra praksisen i kommunen bort frå ein språknøytral politikk til ein aktiv tospråkleg kommune. I tillegg skal Ingar Arnøy frå Noregs Mållag og Nils Ulvund frå Sunndal Mållag snakke om Språkbruksplan for Sunndal kommune. Etter desse innleiingane vil ulike avdelingar i kommunen bli utfordra til samtale med Ole Magne Ansnes som samtaleleiar. Ordførar Ståle Refstie rundar av for dagen.

NY HEIMESIDE: Hadeland dialekt- og mållag har så langt nytta Facebook og lokalavisa Hadeland for å informere om arbeidet sitt. Men styret sakna ein stad der dei kunne ha ligande ute meir statisk informasjon, som kontaktinformasjon, årsmeldingar og planar av meir langvarig karakter. Difor har styremedlem Grethe Bøe utvikla ei heimeside for laget: <https://hadeland-dml.no/>. Hamar dialekt- og mållag hadde nyttige tips i starten om korleis heimesida kunne sjå ut.

– Styret set stor pris på det heilt spesielle dugnadsarbeidet Grethe har gjort for laget vårt og ville gje henne eit varig teikn på takksemnda vår. Så i august oppsøkte eg Grethe, gav henne gode ord frå styret og eit morelltre til hagen. Det fall i smak!, seier leiar Reidun Ramse Sørensen.

MEDLEMSVEKST I MÅLUNGDOMEN: Norsk Målungdom opplever medlemsvekst. Inkluderer me dei som var over 26 år, er talet 1504 betalende medlemmer. Dette er det høgaste totale medlemstalet på ti år, og det har ikkje vore fleire medlemmer under 26 år sidan 2005. – Eit godt medlemstal gjev ikkje i seg sjølv politisk gjennomslag, men gjer at me har eit historisk godt grunnlag for å vinne nye sigar for nynorsken, dialektane og språkmangfaldet i 2018, seier Fredrik Hope i ei pressemelding.

NYNORSK I SKULEN OG I LÆRARUTDANNINGA: Fredag 27. april inviterer **Høgskolen i Innlandet og Hamar dialekt- og mållag** til det femte seminaret for studentar, lærarar, skoleleiarar, lærarutdannarar og andre interesserte på Hamar. Nynorskseminaret har som mål å presentere både forskning og konkrete erfaringar frå praksisfeltet, frå dei ulike skuleslaga og frå lærarutdanninga. Ein vil også få tips om litteratur og undervisningsopplegg. Sjølv programmet for vårseminaret er ikkje klart, og meld gjerne bidrag til seminaret til Jens Haugan, jens.haugan@inn.no Alt frå praksisfeltet kan vere relevant og interessant, og deltakarane på seminaret set stor pris på «ekte erfaringar frå det verkelege liv der ute». Det er 20 minutt per føredrag/presentasjon, og det vil vere 10 minutt til open diskusjon og dialog etter kvart føredrag.

LANDSMØTE I DRAMMEN: Norsk Målungdom skipar til landsmøte fredag 16. til søndag 18. mars 2018 på Danvik skole i Drammen. Det er eit landsmøte med ein organisasjon i framgang, med både fleire medlemmer og aktive lokallag enn på mange år.

Nynorskopplæring i Vinje

NOREGS MÅLLAG GRATULERER

Vinje kommune som den 53. kommunen i Noreg som vil tilby norskopplæring på nynorsk for voksne innvandrere. I november gjorde oppvekst- og velferdsutvalet i kommunen det viktige vedtaket.

– Vi gler oss til å halde vårt 100. landsmøte nettopp i ein kommune som gjer gode og kloke nynorskvedtak, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Frå hausten set kommunen i gang med nynorskopplæring. Vinje kommune er fyrste kommune som går over til nynorskopplæring for voksne innvandrere i Telemark. Etter at Nissedal kommune hadde nynorskopplæring i fleire år, gjekk dei tilbake til bokmålsopplæring for eit par år sidan.

– Vi tykkjer det er svært gledeleg at Vinje kommune tek steget over til opplæring i nynorsk for voksne innvandrere. Dette er eit veldig flott vedtak i sjølvaste Aasmund Olavsson Vinje-året, og vi vonar fleire kommunar i Telemark blir med på å etablere nynorskopplæring no, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Statistikkbanken til Kompetanse Noreg syner at talet på voksne innvandrere som tek delprøver på nynorsk aukar: I 2015 var det 230 som tok delprøva skriftleg forståing på nynorsk, i 2016 var det 425 og i 2017 var det 671. Det er Sogn og Fjordane som har høgst tal innvandrere som tek prøvene på nynorsk, følgt av Møre og Romsdal og Hordaland.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no



Nynorskopplæring i Vinje vert godt motteken. Frå venstre: Anders Sandvik, assisterande rådmann, Khalid Ibrahim, Ali Abdi Muhammed, Ali Ahmed Dathaow og nestleiar Kari Rustberggard i Vinje Mållag er særns nógde med vedtaket.


Foto: Magne Aasbrenn

BT BOKER

På gammalt og nytt vis

TIL JOLI 2017 fekk eg ei spennande bokgáve, *Eventyr frå Setesdal*. Boka er gjeven ut av Bygland Mållag. Initiativtakar til boka er Magnhild Rygg. Ho har lagt ned eit formidabelt arbeid for å få boka ferdig. Magnhild Rygg har vore leiar i boknemnda. Andre medlemmer i nemnda har vore Knut P. Sandnes og Knut A. Austad. Desse personane fekk med seg seks andre til å omfortelje eventyr til nynorsk som Johannes Skar samla inn frå 1873 til 1914. Skar prenta eventyra i *Gamalt or Setesdal*. Det er all grunn til å gratulere boknemnda og omforteljarane med ei viktig og god bok. Denne boka vil òg bidra til å gjere Johannes Skar sin innsats betre kjent i og utanfor Setesdalen.

I dag er det diverre mange som ikkje klarer å lese storverket *Gamalt or Setesdal* fordi dei rett og slett ikkje forstår innhaldet. Denne boka kan vere med og hjelpe på dette, fordi på den høgre sida kan vi lese eventyra slik Skar skreiv dei, og på den andre sida slik dei er omfortalte.



Eventyr frå Setesdal
Bygland Mållag

Skar skreiv eventyra på eit dialektfarga normalmål fordi forleggjaren Olaf Norli meinte at salet gjekk lettare då. Skar gjekk med på det, men truleg med eit tungt hjarta.

Det er inga enkel oppgåve å omfortelje eventyra til Skar på nynorsk. I dette bokverket har omforteljarane meistra denne oppgåva særns godt. Dei har fått fram den enkle og lette forteljemåten som kjenneteiknar eventyra våre. Langt på veg har dei òg makta å bruke lik skriveform i omforteljinga. Det at skriveforma skil seg noko, har lite å seie. Eg meiner at ein dermed får omforteljinga meir i samsvar med ynska til Johannes Skar. Han var meir oppteken av at form og innhald varierte etter bygdedialekten til forteljarane.

Det er mange særns gode eventyr som Skar har skrive i *Gamalt or Setesdal* og som nå er omfortalt til nynorsk. Her vil eg spesielt nemne eventyret «Dyret i hagen». Sigrid Åsen Haugsgjerd omfortel eventyret i samsvar med den typiske eventyrstilen som

alle eventyrlesarar kjenner og liker. Då Johannes Skar skreiv eventyret, opplyste han kven som fortalde eventyret til han. Dermed har eventyrgranskarane makta å finne farvegen til dette eventyret frå litterær fiksering i Frankrike på 1700-talet til Johannes Skar si form i *Gamalt or Setesdal* og til omforteljinga i *Eventyr frå Setesdal*.

Eventyr frå Setesdal er ei bok som alle eventyrinteresserte bør skaffe seg. Ho er lettlesn og underhaldande. Boka høver godt til høgtlesing for barn som ikkje kan lese sjølv. Skulane i dalen bør skaffe seg klassesett. Ho høver godt i arbeidet med eventyr og i dialektundervisninga. Men, kanskje det viktigaste er at boka er identitetsskapande og gjev ei kjensle av stoltheit over å høyre til ein stad med så rike eventyrtradisjonar.

Omforteljarane av eventyra er: Anne Bakke, Knut K. Homme, Sigrid Bakke, Sigrid Åsen Haugsgjerd, Sissel Åkre og Tonje Kallhovd.

GUNNAR HORVERAK

Olaug Nilssen var redd for at *Tung tids tale* skulle bli for snever og at boka ikkje ville bli rekna som skikkeleg litteratur. Difor smakte det ekstra godt å vinne ein Bragepris.

Det du må ta på deg

ALLE FORFATTARAR TENKJER på korleis boka dei skriv på, vil bli motteken. Få opplever å få draumane realiserte. Men *Tung tids tale* har vunne på alle område. Ho er mykje lesen, ho har fått merksemd og den høgste nasjonale utmerkinga, Brageprisen.

– Eg ville gjerne at denne boka skulle bli lesen, og at budskapen skulle kome fram, seier Olaug Nilssen.

– Boka skulle kunne lesast av alle, det skulle ikkje bli ein tung litterær tekst. Eg har arbeidd mykje for at ho skulle vere lettlesen og ikkje for lang. Ho skulle ikkje berre bli lesen av ein litterær elite, ho skulle også bli lesen av dei som trong å få lese si historie.

– Så du var mindre redd for kva bokmeldarane ville seie?

– Nei, eg tenkte på det òg. Eg var redd for at ho ikkje skulle bli litterært anerkjent. Det var ei frykt for at eg ikkje lenger ville ha eit yrke som forfattar, sidan eg hadde blitt for sliten, blitt for einspora eller blitt for oppteken av det private. I tillegg var eg uroa for at emnet ville bli for snevert og ikkje verdig nok for litteraturen. Det kunne jo bli oppfatta som onsdagsfilmen på TV Norge, eller berre som ei «Dette hende meg»-forteljing. Så det at ho har fått litterær anerkjenning, har betydd mykje for meg. Eg er utruleg takksam for den merksemda boka har fått.

– Har ho blitt teken imot som du trudde?

– Der har eg nok hjelpt til sjølv. I heile lanseringsperioden har eg vore veldig tydeleg på at eg ynskjer meg ein politisk konsekvens. Eg vil at ho skal gjere ein skilnad. Ho er skriven med eit medvit om kva politisk arbeid som blir gjort i min eigen kommune, og kva politisk arbeid som går føre seg nasjonalt. Boka koplar seg til dette heile vegen. Dette poenget hadde moglegvis ikkje kome så tydeleg fram om eg ikkje hadde understreka det sjølv. Men ho har jo ei innpakking som eit lite fordekt åtak på eit system og samfunn som ikkje reagerer raskt nok.

– Det er som eit langt lesarinnlegg.

– Det stemmer nok. Eg har gong på gong blitt provosert over den manglande forståinga for kva slags problem det er snakk om. Når me til dømes argumenterer for spesialskulen på Tveiterås ved å seie at ungane er sensitive, at dei ikkje kan bli utsette for sterke inntrykk då det kan føre til sjølvskading og utagerande framferd, så tek politikarar det som ein invitasjon til å trøyste oss. Gje oss ein klem og klappe oss på ryggen. Slikt er jo enormt provoserande. Me vil jo ikkje ha medynk. Me vil skape best mogleg oppvekstvilkår for ungane våre. Den sensitiviteten me snakkar om, er ikkje den Märtha Louise snakkar om. Me snakkar om sanseforstyrningar. Det handlar om å høyre alle lyder like høgt, og ikkje greie å sortere kva lyd som er viktigast. Det å høyre bussen ute på gata, ventilasjonen i taket og det personen framføre deg seier, akkurat like høgt som dei som snakkar på andre sida av rommet. Det same kan gjelde for synet, for lukt. Då gjeld det å ha faste råmer, og å vere i eit miljø der ting er lagde til rette.

FAKTA

Olaug Nilssen

Forfattar

Har gitt ut ei rad bøker, seinast *Tung Tids Tale* som nyleg vart heidra med Brageprisen 2017.

– Dette kjenner me att frå eldreomsorga, der eldre opplever å ha fire ulike heimhjelparar i løpet av ei veke.

– Ja, men då lagar du eit hierarki, og det vil ikkje eg vere med på. Det opplever eg at politikarane stadig gjer mot oss, at me blir sette opp mot andre grupper som treng hjelp. Det er ikkje eg interessert i. Eg er oppteken av ei intens tilrettelegging for desse ungane, oppteken av tiltak som er dyre og omfattande, og som er individuelt innretta. Og kvifor? Jo, for alternativet er at det går kraftig ut over dei personane det gjeld. Dei får ein kraftig forverra livssituasjon. Dette er min agenda.

– Boka er meint som eit partsinnlegg, noko som skal gjere ein skilnad, og det meste i boka er basert på røyndom. Korleis enda du opp med å kalle boka ein roman?

– Dette var ein omfattande diskusjon, både med forlaget og med Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFF). I starten skreiv eg ned hendingane slik eg hugsar dei, og prøvde å vere så dokumentarisk som eg kunne. Det var den faktiske historia eg ville fortelje, og det var aldri aktuelt å opne boka med at dette er ein roman og «eventuelle likskapar med røynda er heilt tilfeldig». Det ville ha vore å undergrave den politiske budskapen eg ville at boka skulle ha.

– Men så ...?

– Men eg ville at boka skulle fungere som litterær tekst, og ikkje berre som ei oppramsing av ting som hadde hendt. Boka skulle vere lettlesen og kort, og det betydde at ting måtte ut. For at teksten skulle henge saman, måtte eg skrive om og effektivisere. I tillegg er det scener eg har dikta, men som er relevante som døme på møte med representantar for systemet. Då vart det etter kvart vanskeleg å møte krava til ei faglitterær bok. Eg fekk stønad frå NFF for å skrive boka, og eg var klår over at eg ville kome til å måtte betale attende denne stønaden om boka skulle ende opp som ein roman. Noko ho enda opp med å bli kalla, og eg har difor betalt attende det eg fekk frå dei. I fylgje NFF ville eg trække over grensa til fiksjon i det eg byrja å dikte opp scener. Ved å kalla boka ein roman, slapp eg alt det der, og kunne konsentrere meg om å lage ein tekst som fungerer.

– Det gav vel også ein fridom til å vere heilt subjektiv?

– Olaug i boka er sint, frustrert og har stadige raseriutbrot, men går som ein god romanfigur gjennom ei endring. Ho er jo ekstremt kjenslevar og projiserer tankane sine over på andre. Dette har eg gjort med vilje. I røynda har eg nok i større grad greidd å ha to tankar i hovudet samstundes og har vore hakket meir rasjonell i møte med systemet.

– Markerer boka eit skilje i forfatterskapen din?

– Eg har jo vore innoom både emne og stil tidlegare, i stykket *Stort og Stygt* og i *Kjækkenbenk-realisme*. Men det har skjedd ei endring, og dette er veldig fjernt frå dei fyrste bøkene eg skreiv. Tidlegare var eg ironisk og tvisynt, no er eg klår i talen. Men eg er spent på kvar forfatterskapen går vidare. Korleis kjem eg til å skrive i framtida? Eg ynskjer å halde fram med å samle aktivisme og litteratur, og håpar likevel at denne inneheld noko tvisyn, og at ho kan by opp til refleksjon.

– Midt opp i alt dette, hengde du deg på #metoo-ordskiftet, og tok til orde for å samle unge kvinnelege forfattarar for å gjere dei medvitne om seksuell trakassering. Du har ikkje blitt heilt einspora?

– Ja, og det gjeld ikkje minst flyktningpolitiken. Det skal vere råd å diskutere kvotar og tal, men ein må ikkje dehumanisere dei som vil kome. Det er akkurat som i diktet til Halldis Moren Vesaas: «ver du eit bål, strål varme ifrå deg!». Det har blitt eit ideal. Samstundes, og som tittel på boka, kan ein spørje seg kor langt kan ein gå i å utslette seg sjølv for å hjelpe andre? Og svaret på uoverkomlege store omsorgsoppgåver må vere at velferdsstaten tek over.

– Og det har han gjort for dykk?

– Ja, no får me god hjelp. Men eg har alltid ei uro for at det kan endre seg, at han kan få ein dårleg periode. Det er alltid meir uro på vinteren enn om sommaren. Jola er også vrien. Det handlar om at endringar alltid er dårleg nytt for han. Men jo, me har det betre og Daniel har det betre. Det er det viktigaste.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Tidlegare var eg ironisk og tvisynt, no er eg klår i talen. Men eg er spent på kvar forfatterskapen går vidare.



ENDRING: – Dette er veldig fjernt fra dei fyrste bøkene eg skreiv. Tidlegare var eg ironisk og tvisynt, no er eg klår i talen, seier Olaug Nilssen.

Foto: Kjartan Helleve



Det finst gode grunnar for å nytta **engelsk** i akademia og i næringslivet, og nordmenn reknar seg som rimeleg gode i engelsk. Spørsmålet er om me er gode nok.

Draumen om

«**TODAY IS THE** first meeting of the university board here at #OsloMet. We'll talk about development plans, the never-ending Lillestrøm process, and more. If that grabs your fancy, tune in below, starting at 10!»

Curt Rice fornektar seg ikkje. Som rektor ved Oslomet – storbyuniversitetet har han blitt den tydelegaste faneberaren for å nytta engelsk i akademia. Gong på gong argumenterer han for at forskning per definisjon er internasjonal og at det er meningslaust å skriva forskingsartiklar på norsk. Han meiner også at det ikkje finst noko naturleg hinder for at ein skal undervisa på engelsk i skulen, helse- og sosialfag, sjølv om brorparten av elevane skal verka i Noreg.

– Det er få profesjonar der ein aldri får bruk for engelsk, sa Rice då han nyleg vart intervjuet av ein student ved skulen.

– Eg opplever i min kvardag, at folk som må snakka engelsk på grunn av meg, at dei kan vera litt utrygge på engelsken sin, men så går det tre setningar og så køyrer dei berre på. Det er berre å kasta seg ut i det, sa Rice.

No finn han det også naturleg å skriva statusoppdateringar på engelsk. Først blir det snakka norsk på styremøta ved det ferske universitetet.

Bologna-prosessen

Få andre stader har bylgja av engelsk slått hardare inn over landet enn i akademia. Forskinga har alltid vore

internasjonal, men dei siste 25 åra har bruken berre auka på. Rice har blitt ein hoggestabbe for motstanden mot denne utviklinga. Han fortener moglegvis kritikk for namnet på skulen, men politikken han står for, har vore under utvikling og dyrka fram lenge før han tok det fyrste norsk-kurset.

I 1999 underteikna 29 europeiske utdanningsministrar ein avtale i Bologna, den såkalla Bologna-prosessen. Asia hadde i mange år hatt sterk vekst, og mange asiatiske studentar ville til utlandet for å studera. Men berre éin prosent av desse hamna i Europa, resten hamna i USA. For å gjera det enklare for studentar ynskte ein å samkøyra den europiske utdanningsmarknaden. Dei ulike universitetsgradane fekk difor nye namn etter amerikansk mal. Grunn-, mellom- og hovudfag forsvann. Inn kom bachelor-, master- og Ph.D-gradane. Noreg var mellom landa som signerte denne avtalen, og har vore mellom dei ivrigaste til å arbeida vidare med desse tankane. Kvalitetsreforma vart vedteken av Stortinget i 2001 og sett ut i livet i 2003. Om lag samstundes forsvann punktet om språk ut av universitets- og høgskulelova. Finansieringa av norske universitet vart kopla saman med kor mange artiklar dei har fått på trykk i internasjonale tidsskrift.

– Målet med Bologna-avtalen var å harmonisera gradstrukturen, slik at studentane kunne flytta seg fritt over landgrensene. Det står ingenting om

Norske universitet har rekna det som lite truleg at framandspråklege studentar vil læra seg norsk for å studera i Noreg. Norsk har låg verdi som språkleg valuta.

Ragnhild Ljosland



språk i avtalen. Stillinga engelsk har i norsk akademia kjem av val som er gjorde i Noreg, seier **Ragnhild Ljosland**.

I 2008 leverte ho avhandlinga *Lingua franca, prestisjespråk og forestilt fellesskap: Om engelsk som akademisk språk i Norge*. Der såg ho nærare på kva posisjon engelsk har ved universiteta i Nord- og Vest-Europa, og undersøkte kva motivasjon universitetsinstitutt hadde for å halda undervisninga på engelsk. I hovudoppgåva si skreiv ho om kvifor doktorgradsstudentar skreiv avhandlingane sine på engelsk. Motivet var ikkje utelukkande praktisk nytte.

Byr seg fram på marknaden

– Det finst openberre grunnar for å nytta engelsk som eit lingua franca. Det nyttar ikkje å reisa til ein konferanse i Brasil og håpa at du skal kunne leggja fram arbeidet ditt på norsk. Men eg fann også at bruken av engelsk var knytt til eit ynske om å bli synleg på ein marknad. Mange studentar tevlar om dei same stillingane og forskingsmidlane, og då gjeld det å vera synleg, flagga ambisjonar og skaffa seg prestisje. Gjera arbeidet sitt synleg, seier Ljosland.

Men det er ikkje berre studentane som tenkjer på å gjera seg attraktive. Den opne haldninga norske universitet har til engelsk, er også eit ynske om trekkja til seg utanlandske studentar.

– Norske universitet har rekna det som lite truleg at framandspråklege



John Anthony Hughes/HIOA/Oslomet

lingua franca frå italiensk *lingua franka*, 'frankisk språk', språk brukt i kommunikasjon mellom menneske som ikkje har sams morsmål.

lingua franca

studentar vil læra seg norsk for å studera i Noreg. Norsk har låg verdi som språkleg valuta, det er ikkje som spansk, fransk eller mandarin. Difor har norske lærestader tenkt at dette berre er ei byrde og eit hinder for dei som vurderer å koma hit. Difor ynskjer ein å undervisa studantar på engelsk. Og så reknar ein med at det vil dei norske studentane berre setja pris på, sidan dei uansett skal ut på ein internasjonal arbeidsmarknad.

Ljosland fortel at Noreg ikkje er det einaste landet som tenkjer slik.

– Me kan finna det same i andre europeiske land nord for Alpane. Sør for Alpane har derimot Bologna-avtalen blitt tolka annleis. I landa langs Middelhavet er det på langt nær så mykje bruk av engelsk i academia, fortel ho.

Situasjonsbestemt bruk

I dag nyttar ein omgrepet *lingua franca* om fellesspråk i ein region med fleire språkgrupper. Ein finn til dømes *hausa* i Vest-Afrika og *swahili* i Aust-Afrika. Det opphavlege *lingua franca* var eit handelsspråk rundt Middelhavet med røter i italiensk. Og handel held ein framleis på med. Engelsk har difor ein heilt naturleg plass innanfor næringslivet, i alle fall om ein har ambisjonar om å selja noko meir enn turka reinsdyrkjøtt på torget. Og moglegvis også då.

Det ein derimot no ser stadig fleire døme på, er verksemder som tek i bruk engelsk som konsernspråk. Det vil seia at all kommunikasjon

Mange norske verksemder opererer i ein internasjonal marknad, og det er naturleg å bruka engelsk i både utoverretta og innoverretta kommunikasjon.

Anne Kari Bjørge



skal gå føre seg på engelsk. Til liks med studentane, har også arbeidstakarar i langt større grad enn tidlegare teke til å flytta på seg. Det er ikkje lenger naudsynt å kunna norsk for å arbeida på hovudkontoret til ei mellomstor norsk verksemd.

– Det er ikkje nokon tvil om at bruken av engelsk aukar, seier **Anne Kari Bjørge**, professor ved Institutt for fagspråk og interkulturell kommunikasjon ved Noregs Handelshøgskole.

– Men dette er både situasjonsbestemt og pragmatisk. Mange norske verksemder opererer i ein internasjonal marknad, og det er naturleg å bruka engelsk i både utoverretta og innoverretta kommunikasjon. Men eit norsk selskap vil nytta norsk i møte med norske samarbeidspartnarar, og om ein vil selja noko til ein kunde i Noreg, så vil ein framleis nytta norsk.

Det Bjørge og kollegaene hennar arbeider mykje med, er å førebu studentane på kommunikasjonskrava som vil møta dei i eit internasjonalt miljø. På skulen er engelsk er eit valfag som studentane kan velja som ein del av bachelorgraden sin.

– Engelsk er ein fagkunnskap ein ikkje kjem utanom. Sjølv om ein er fagleg sterk, så nyttar det ikkje å gå inn i forhandlingar om ein ikkje greier å formidla det ein ynskjer, eller om ein ikkje forstår alt som blir sagt. Forsking har synt at det er fort å falla av ein diskusjon om ein ikkje har nivået inne. Innan ein har klart

å formulera synspunktet sitt, så har samtalen alt gått vidare. I ein slik situasjon kan det vera tøft å be om oppklaring eller gjentakning. Det er forventningar om at alle forstår kva som blir sagt, og ved å innrømme at ein ikkje skjønar, så vil ein tapa andlet. Då kan løysinga fort bli at ein ikkje seier noko, og heller satsar på at utfallet av samtalen blir nokolunde bra uansett, seier Bjørge.

Ho fortel at dette også handlar om meir enn korrekt engelsk.

– Ta t.d. sjanger. Det er berre å be ein nordmann om å setja om cv-en sin til engelsk, så vil mange få problem. I tillegg handlar dette mykje om formalitetar, om høvsk framferd, og om å skjønna kulturelle skilnader. Kor nærme skal ein stå når ein snakkar med ein italienar? Kor lang tid skal det ta før du er dus med nokon frå Japan? Dette førearbeidet må gjerast, seier Bjørge.

Blir ikkje konfrontert

Det er særleg overgangen frå den vidaregåande skulen til høgare utdanning som kan vera tøff. Elevane trur dei er gode, men dei er ikkje gode der det trengst. For du har kvardagsengelsk, og du har avansert engelsk.

Bjørge meiner at norske studantar har eit veldig godt grunnlag i engelsk frå den vidaregåande skulen, men at det er eit stykke å gå før dei meistarar språket godt nok. Men ho er ikkje ute etter å ta frå studentane den språklege sjølvttilliten.



– Du skal ha sjølvtilitt. Det er viktig å gje uttrykk for kva type person ein er, syna seg fram litt. Men samstundes skal ein vera audmjuk og skjøna at i visse samanhengar så krevst det meir. Når du skriv på engelsk, skriv du i praksis til ein annan kultur. Hoppar du over høflegheitsfrasane, kan du risikera ikkje å få den kontakten du ynskjer. Dette er det eit aukande medvit om. Når me her på NHH skal tilsetja folk i administrative stillingar, så er nivået på engelskkunnskapane ein av dei tinga me tek omsyn til, seier Bjørge.

Nordmenn har ei generell kjensle av å kunna engelsk. Me føler at engelsken sit, fører det glatt opp i jobbsøknader og vil aldri innrømme at me ikkje er gode nok. Professor **Glenn Ole Hellekjær** ved Institutt for lærarutdanning og skuleforskning på UiO trur at denne kjensla grunnar i at me har kjent oss flinke i avgrensa samanhengar. Det skal berre litt skryt til frå ein engelskmann på ein pub i Stoke, før me slår oss sjølve på ryggen. Problemet er at me aldri har blitt utfordra på nivået.

– Mistar ei verksemd ein kontrakt, så er det vanskeleg å vita kva grunnen er. Difor veit ikkje verksemda om det var språket som var avgjerande. Noreg har hatt obligatorisk engelskundervisning sidan 1959, og det har blitt skildra som ei suksesshistorie. Men skulen har ikkje lukkast i å utsetja elevane

for utfordrande sjangrar. Elevane blir ikkje gjort merksame på at den engelsken dei lærer på skulen, har sine avgrensingar. Nordmenn greier seg godt i møte med andre som har engelsk som andrespråk. Men møter me ein amerikansk advokat som nyttar språket som våpen, har me lite å stilla opp med, seier Hellekjær.

Han meiner det største problemet er at me ikkje evnar å forstå kor viktig dette er. – Det er eit problem sidan me ikkje er medvitne om det. Det er eit problem om folk trur dei snakkar godt engelsk av di dei har vore på fotballkampar i England. Det er eit problem når det ikkje blir problematisert innanfor høgare utdanning. Me forsømmer kommunikasjonsopplæringa. Mitt eige universitet har ikkje makta å få i gang eit eige språksenter. Me utdannar biologar som blir tilsette i eit departement og blir sette til å forhandla avtalar med hjelp av den engelsken dei lærde fyrste året på vidaregåande. Det er absurd, meiner Hellekjær.

Betre i engelsk enn i norsk

Hellekjær meiner at det ikkje er noko problem at undervisninga på høgskule og universitet går føre seg på engelsk.

– Nokre gonger er det nausynt, då ein har fått tak i ein internasjonal storleik. Men eg trur studentane berre har godt av nokre førelesingar på engelsk. Det har dei absolutt ikkje vondt av. Redsla for engelsk i

Nordmenn greier seg godt i møte med andre som har engelsk som andrespråk. Men møter me ein amerikansk advokat som nyttar språket som våpen, har me lite å stilla opp med.

Glenn Ole Hellekjær



akademia bli for ofte sett på som eit nullsumspel. Eg trur heller på at engelsk blir eit tillegg, seier Hellekjær.

Skal ein verkeleg vera redd for at engelsk overtek, skal ein leita lenger ned i systemet. I 2016 arbeidde fyrsteamansuensis Lisbeth M. Brevik med resultatane frå dei nasjonale prøvane i norsk og engelsk. I leseprøvane frå 10 331 elevane frå 87 ulike skular fann ho 463 elevane som skilde seg ut. På den eine sida var dei dårlege, til dels svært dårlege, i norsk. På den andre sida var dei veldig gode i engelsk. I fjor presenterte ho resultatane saman med kollega Glenn Ole Hellekjær.

– Funna bryt med dei gjengse teoriane for leseopplæring, fortel Hellekjær.

– Alle modellar seier at ein tek med seg fyrstespråket når ein skal læra nye språk. Er du god i norsk, kan du bli god i engelsk. Det var ikkje tilfellet her. Dette var elevane som spelte mykje interaktive dataspel, altså at dei kommuniserte med andre. Andre hadde fritida og hobbyen sin i ei engelskspråkleg verd. Dette er ei ekstrem tileigning av språk. Eg meiner det bør vera ein vekkjar for engelskundervisninga, og det bør vera nokre betenkte norsklærarar der ute, seier Hellekjær.

Ragnhild Ljosland er heller ikkje akutt uroa for bruken av engelsk i akademia Ho meiner det likevel er to moglege problem med den stadige aukande bruken av engelsk. Det eine er domenetap, altså at



John Anthony Hughes/HIO/Oslomet



norsk ikkje lenger vil bli nytta på ulike fagfelt.

– Dei aller fleste som blir utdanna på universitetet, skal ikkje bli internasjonale forskarar. Dei blir fagfolk som skal ut i samfunnet som ingeniørar, dokterar og lærarar. Då er det uheldig om dei ikkje har lært seg eit norsk fagspråk. Her finst det jo eit godt døme frå oljeindustrien, der ein tidleg forstod kor viktig det var med norske omgrep. Vidare er det også råd å sjå føre seg at norsken mister prestisjen sin. Han er god nok privat, men i «viktige» jobbar må ein nytta engelsk. Ei slik todeling mellom eit høgspråk og eit lågspråk kan vera fyrste steget til språkdød. Det er enno langt dit, men dette er eit av scenarior mellom anna Språkrådet har vore opptekne av, fortel Ljosland.

Termbank

Då er det råd å finna trøyst på handelshøgskulen i Bergen. Der har dei utarbeidd ein eigen termbank for studentane. Møter dei eit engelsk omgrep, er det råd å slå opp i ein database for å finna den norske varianten. På bachelorgraden går så og seia all undervisning føre seg på norsk. Og norskkursa ved skulen er veldig populære.

– Sjølv dei studentane som berre skal vera her eitt semester, vel ofte å bruka tid på å læra seg norsk, seier **Anne Kari Bjørge**.

– Sjølv om det meste av undervisninga på doktorgradsnivå går

Sjølv om det meste av undervisninga på doktorgradsnivå går føre seg på engelsk, så vil det vera samanhengar der ein ikkje kjem utanom norsk. Studentane har forstått kor viktig norsk er for å bli integrerte, ikkje minst sosialt.

Anne Kari Bjørge

føre seg på engelsk, så vil det vera samanhengar der ein ikkje kjem utanom norsk. Studentane har forstått kor viktig norsk er for å bli integrerte, ikkje minst sosialt. Dette gjev dei ei heilt anna kontaktflate i samfunnet. Og for dei som har lyst til å arbeida i Noreg etter studia, så er dette ein stor føremon, seier Bjørge.

Dette er noko ho også har forska særskilt på. Om ein har eit internasjonalt mangfald på arbeidsplassen, så kan det vera naturleg å velja å ha engelsk som arbeidsspråk. Det gjer det lettare å informera alle tilsette samstundes, sakspapir og personalhandboka kan vera sams, og det gjer det lettare å ta kontakt i lunsjpausen.

Men Bjørge seier at også dei negative konsekvensane er tydelege. Dei som har engelsk som andrespråk, kan kjenna at dei ikkje meistarar arbeidsoppgåvene sine fullt ut, kan henda treng dei hjelp for å skriva formelle dokument, og dei kan kvi seg for å ta ordet. Resultatet kan bli ein stillare arbeidsplass. Og ikkje minst stillare rundt lunsjbordet. Du kan snakka saman, men det blir vanskelegare å slå av ein vits. Difor er det ikkje så sikkert at engelsk likevel er det naturlege valet.

Ei mogleg løysing

Folka i produksjonsselskapet Viafilm satsar også på engelsk, men på ein annan måte. Dei slo for alvor gjennom med tv-serien *Lillyhammer*,

som hamna på strømmetenesta Netflix. Serien hadde eit godt innslag av engelsk, som gjorde sitt til at han fekk eit publikum også ute i verda. Då Viafilm skulle laga humorserien *Vikingane*, landa selskapet på å laga ei rein engelskspråkleg utgåve i tillegg til den norske.

– Fyrst og fremst var det moro å gjera noko som ikkje hadde blitt gjort tidlegare, fortel produsent Asle Vatn.

– Samstundes gjer dette det mogleg å auka budsjetta. Me har no gjort det same med den nye serien *En natt*, og ved å laga ein engelskspråkleg variant, fekk me ti fleire opptaksdagar med nokre av skodespelarane.

I *Vikingane* blir det snakka ein gebrokken engelsk, men Vatn fortel at dette var medvite.

– Det handlar om å forsterka humoren. Om me hadde prøvd oss på perfekt uttale, hadde serien blitt samanlikna med dei store produksjonane, ei samanlikning me nok ville tapt. I staden leika me oss med språket, og fann t.d. på engelske variantar av norske ord, t.d. «stomachfeeling» for «magekjensle». Den nye serien vår, *En natt*, er eit samtidsdrama. Der snakkar skodespelarane meir korrekt engelsk. Målet er ikkje å vatna ut det norske språket. Seriane er hovudsakleg finansierte av norske tv-kanalar. Då må den norske versjonen vera fyrsteprioritet, seier Vatn.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Fantomet er stadig favoritten til teikneserieskaparen **Håkon Aasnes** – han som lagar *Smørbukk*, *Nr. 91* *Stomperud* og *Tuss og Troll*.

Teikneserie- fantomet

– **MEN I DAG ER** det ikkje meir att av *Fantomet* enn varemerket. Serien går framleis, men det liknar ikkje på det som var, seier Aasnes, som den 13. februar fyller 75 år.

Aasnes er Noregs mest allsidige og produktive teikneserieskapar med eit tjuetals seriar på samvitet. Det starta med *Seidel og Tobram* i 1972 og heldt fram med mellom anna *Vi på Eiketun*, *Kråka Konrad*, *Smørbukk*, *Olsenbanden*, *Tuss og Troll*, *Annika*, *Gråtass*, *Mormor og de åtte ungene*, *Stomperud* og *Hanna*. *Donald Duck* og *Fantomet* har han òg teikna.

Få kan sjonglere med teiknestilar og sjangrar som han, blir det sagt om Aasnes. Og få kan teikne og samtidig lage så gode og varierte historier.

Smørbukk tok han over etter Solveig Muren Sanden i 1982. Dermed har han teikna den legendariske antihelten lenger enn både Sanden og Jens R. Nilssen, som skapte *Smørbukk* i 1938. For *Smørbukk*-juleheftet 2016 fekk han saman med utgivaren *Norsk Barneblad* i fjor Norsk tegneserieforum sin heiderspris Sproing.

Tuss og Troll har han levert til sidan 1992, og *Nr. 91 Stomperud* tok han over i 2005.

Fantomet i avisa

Men det starta altså med *Fantomet*, som vesle Håkon fatta interesse for i avisa heime på Aurskog på Romerike.

– Det var før eg hadde lært å lese, og eg måtte mase på mor mi for å få

ho til å lese for meg. Og så byrja eg å teikne *Fantomet* etter det eg såg i avisa, først på innpakkingspapir. Det var dei vanlege skurkane med eggehovud og piggsveis og sneip i munnvika, fortel Aasnes.

Tidleg på åttitalet fekk han sjansen til å teikne *Fantomet* på ordentleg, men betalanga var nesten like dårleg som manuset han fekk. Dermed vart det med den eine leve-ransen.

Alt som syttenåring hadde Aasnes likevel utvikla sitt eige teikneserie-univers i hillbilly-serien *Seidel og Tobram*. Men det skulle gå nokre år før serien fann vegen inn i avisene. Etter realskulen søkte Aasnes på Kunst- og handverksskulen, men var

for ung. Og etter militærtenesta ville han heller ut og tene pengar enn å gå på skule.

Minkskinn-sortering

Han reiste og var innom fabrikkarbeid i Sør-Afrika og Tyskland og arbeidde på plastfabrikken heime på Aurskog. Og så hadde han eit lengre opphald i Oslo Skinnauksjoner, der han sorterte minkskinn.

– Det var fire bortkasta år. Det var kjedeleg som berre det! Det var som klokka på veggen stod stille. Men sorteringssjefen var ikkje einig i det: «Det finst jo ikkje to like minkskinn, det er så spennande!» meinte han.

– Men det var fint miljø der og sånn sett fine år.

Samtidig prøvde Aasnes å selje inn *Seidel og Tobram*, mellom anna i *Norsk Ukeblad* og Atelier E-O, firmaet etter Dagros-teiknar Eyvin Ovrum.


– Eg visste jo ikkje kor eg skulle byrje. Korleis skulle eg komme i gang?

Nøkkelen vart teikneserieentusiasten Jo Lie i Tegneserieakademiet, som i 1971 skreiv ein serie artiklar om norske teikneseriar i *Aftenposten*. Han var verdt eit forsøk.

– Dermed sende eg nokre striper til han, og han svarte: «Dette må vi prøve!» Lie tok kontakt med

Det var fire bortkasta år. Det var kjedeleg som berre det! Det var som klokka på veggen stod stille.

Håkon Aasnes om jobben som minkskinnsorterar





Håkon Aasnes har teikna Smørbukk i 35 år, men har over tjue andre teikneseriar på samvitet, frå Fantomet til Tuss og Troll. Den 13. februar fyller han 75 år.

Foto: Hallvard Østrem / NPK

Smørbukk, ein gammal klassikar i ny og spenstig form, meiner teiknarane i Norsk teikneserieforum, som tildelte Håkon Aasnes og Norsk Barneblad Sproing-prisen for 2016-utgåva.

Nationen, Halden Arbeiderblad og Telemark Arbeiderblad, og i dei tre avisene kom Seidel og Tobram først, fortel Aasnes.

Serien om dei to bygdeoriginalane gjekk i to periodar, først i 1972–1977 og så 1981–1991. På det meste gjekk *Seidel og Tobram* i 17 aviser samtidig.

Donald på skrå

På midten av syttitalet laga Aasnes ein del prøveteikningar av ein annan teikneseriehelt frå barndommen, Donald Duck, og sende dei til den norske utgivaren, Hjemmet. Teikningane var så gode at redaktør Ernst Gervin straks inviterte Aasnes med til København for å møte Disney-redaktørane i Gutenberghus, det som i dag er Egmont.

– Eg fekk godkjent nokre sider,

men eg kom dårleg overeins med ein av redaktørane i København. Vi hadde ikkje kjemi, som det heiter, fortel Aasnes.

Eit lite knippe Donald-historier har det vorte likevel, men det er mest manus han har levert til Disney.

Manus har han òg skrive for Stomperud sidan han tok over heftet, og Smørbukk-historiene har han forfatta sjølv sidan 1989. For teiknaren er det inga ulempe å ha kontrollen over historia, forklarer Aasnes.

– Da kan eg gå inn i miljø og situasjonar eg kjenner og er trygg på. Det er visse ting eg ikkje kan fordra å teikne, sykklar til dømes, korleis kroppen sit på ein sykkel, rørslene. Tenk om eg da skulle få i oppgåve å teikne ein episode frå Tour de France?

Annika på nynorsk

Ved sida av *Seidel og Tobram* er *Annika* den serien som Aasnes har gjort mest lykke med, og som er mest hans eigen. Aasnes skulle gjerne sett at ungjenteserien, som gjekk i *Norsk Barneblad* frå 1991 til 2016, fekk eit større publikum, men har ikkje funne nokon som vi ta han inn.

– Eg prøvde å få han inn i eit par aviser som helgebilag. Men det er berre å seie det rett ut: Serien vart avvist fleire stader på grunn av at han var på nynorsk., fortel Aasnes.

No er teikneseriefantomet på Aurskog 75, men har slett ikkje tenkt å gi seg med det første.

– Eg held fram så lenge eg har noko å drive med, seier Håkon Aasnes.

HALLVARD ØSTREM
NPK

*Det er visse ting eg
ikkje kan fordra
å teikne, sykklar
til dømes, korleis
kroppen sit på ein
sykkel,*

Håkon Aasnes



FOR Å UTVIKLE NÆRING MÅ EIN HA KULTUR FOR LÆRING!

I Fjord1 er vi opptekne av å utvikle oss heile tida. Ikkje berre som organisasjon, men òg med tanke på kvar einskilt sin kompetanse. Og ikkje minst treng vi

stadig nye folk til dei mange spennande oppgåvene vi skal løyse på dei norske fjordane. Vi vil gjerne kome i kontakt med deg for å sjå om det kan vere ein

jobb som kunne passe nettopp deg og din kompetanse. Fjord1 er så mykje meir enn berre miljøvennlege ferjer og gode sveler!



VISSTE DU AT ...



... Fjord1 vart kåra til **Årets Opplæringsbedrift** innan maritime fag i 2016

... vi er nominerte i år igjen

... til saman har vi i løpet av eit år om lag **120 opplæringsstillinger** i kortare eller lengre periodar

... **kompetanseområdene** våre spanner frå miljøteknologi, forretningsutvikling, HR og IKT til strategi, catering og økonomi/finans



... Fjord1 er **Noregs største ferjereiarlag** med om lag 1200 tilsette over store delar av Noreg

... i 2017 tilsette vi heile **281 nye medarbeidarar**, derimellom 19 nye i administrasjonen



... vi tilbyr **spennande traineestillingar**



... vi har til ei kvar tid **60 lærlingar på 35 opplæringsfartøy** i konsernet, fordelt på 35 personar på matrosfaget og 25 personar på motormannfaget



søk ledige stillingar på **fjord1.no** og følg oss på Facebook og Instagram

... for tida har vi **15 kadettar**, der fem av dei er maskinkadettar og ti av dei er dekkskadettar

... framover er det mellom anna **stort behov for maskinistar** på sjø



VÅRE VERDIAR:

STOLTE • OPNE OG ÆRLEGE • PÅLITELEGE • GODT HUMØR • TEAMÅND • LØNSAME

www.fjord1.no

For nokre år sidan tok den spanske utdannings- og kulturministeren **José Ignacio Wert** til orde for å «spanjolisera» dei katalanske ungane. Identiteten var utfordra på sitt mest kjenslevare punkt, og no blei det vanlegare å høyra at Catalonia burde konstituera seg som eigen republikk.

Kampen om språket i Catalonia

SIDAN 1983–1984 HAR ein nytta språkbud i det katalanske skuleverket, etter inspirasjon frå dei programma ein hadde utvikla i Quebec-provinsen i Canada frå 1960-talet av. Språkbudprogramma går ut på at ein nyttar katalansk som undervisningsspråk i andre fag enn i morsmålet, til dømes i matematikk, naturfag, samfunnsfag osv. Dei katalanske språkbuda er uttrykk for dei kollektive språklege rettane innanfor regionen Catalonia, der eit historisk språksamfunn krev sine rettar innanfor sitt territorium.

Dei katalanske språkbuda blir rekna for å vera ein stor suksess, og foreldre snakkar oppglødde om den interessa ungane deira legg for dagen i læringsprosessen med desse programma. Også PSC, det katalanske sosialistpartiet, har fleire gonger uttrykt si fulle støtte til desse språkbuda: «Vi vil forsvare det vi alltid har forsvart, nemleg språkbuda på skulane våre, som er ein suksessfull modell når det gjeld sosialt samhold og språkkompetanse i vårt land», sa sosialisten Javi López til avisa El Periódico 19. februar 2014. Ytringa syner den tilslutninga programma med språkbud har i Catalonia, ikkje berre i uavhengigheitspartia, sidan PSC er eit parti som går inn for union med Spania.

SPRÅKBADA BLIR SETT på som ein viktig reiskap for å integrera innvandrarak i det katalanske samfunnet. Innvandringa til Catalonia har vore nokså omfattande heilt sidan industrialiseringa tok til i byrjinga av 1800-talet. Då språkbuda starta først på 1980-talet, var 38 prosent av dei som budde i regionen, personar som ikkje var fødte der. Det var den gongen, meir enn no, vanleg å høyra folk som sa at det var vanskeleg å skriva korrekt katalansk, noko som gjorde språkbuda sær utfordrande også for lærarane i skuleverket.

Fram til for 12 år sidan var det stort sett berre det konservative PP (Partido Popular) som ope tona flagg mot språkpolitikken i Catalonia. Men i 2005, i ein periode då katalanarane diskuterte ei fornying av sjølvstendevetektene sine, blei det danna eit nytt parti, C's (Ciutadans, 'Borgarar'), som skulle vera eit alternativ for dei i Catalonia som meinte at regionen burde bli verande i Spania. Partiet var inntil nyleg avgrensa til Catalonia, men har dei aller seinaste åra blitt viktig over heile det spanske territoriet. Etter at C's gjorde eit brakval i Catalonia i desember og utraderte



Foto: Ivan McClellan

det spanske regjeringspartiet PP på høgresida, blir partiet sett på som viktig på heile den politiske scena i Spania. Ei meningsmåling viste nyleg at partiet var det største i Spania.

NOKO AV DET første C's proklamerte etter at partiet blei skipa, var at dei ville kjempa mot katalansken si overordna stilling i undervisningssystemet i regionen. Det blei såleis ein kamp mellom C's og dei som meinte at katalansken trong ei privilegert stilling sidan språket hadde vore marginalisert og undertrykt under heile Franco-diktaturet (1939–1975). Då ein for nokre år sidan innførte eit tredje språk, engelsk, som obligatorisk i det katalanske skuleverket, hevda leiaren for C's i Catalonia, Inés Arrimadas, at katalansk, kastiljansk (spansk) og engelsk no skulle vera likestilte i regionen. PSC og sjølvstendepartia går derimot inn for den privilegerte statusen til katalansk.

Når C's skal rettferdiggjera si haldning i språkspørsmålet, viser partiet til at engelsk er eit essensielt språk i dagens globaliserte verd. For å garantera at alle individ og alle familiar har like konkurransevilkår, treng vi å leggja større vekt på engelsk, heiter det. Argumenta kan vera mange og kreative når ein skal syna at katalansk ikkje «held mål». Framleis finst dei som kallar språket ein dialekt, og hevdar at det ikkje går som vitenskapleg språk.

LIKEVEL ER DET få i dag som argumenterer som i 1932, då Catalonia fekk sine første sjølvstyrevetdtektar, i ei tid då 90 prosent snakka katalansk i regionen. Då kunne ein i spansk presse lesa haugevis av artiklar som åtvara mot alle dei kollisjonane og trafikkulykkene ein ville få dersom Catalonia sitt eige språk skulle bli offisielt (!).

JOHANNES NYMARK

Framleis finst dei som kallar katalansk ein dialekt, og hevdar at det ikkje går som vitenskapleg språk.



Norvald Hestholm vart heidra av Askøy Mållag då Norvald gjekk ut av styret i februar 2017.

Norvald Hestholm til minne

Tidlegare rektor ved Træet skule i Askøy, **Norvald Arthur Hestholm**, er død, 86 år gamal.

Hestholm var fødd i Herøy i Møre og Romsdal, og voks opp der. Etter utdanning ved lærarskulane på Nesna og Notodden var han lærar ved fleire skular på Vestlandet. I 1965 fekk han stillinga som rektor ved Træet skule. Der vart han verande i nesten 31 år til 1995, og sette merke etter seg både som dugande skulemann og som prinsippfast målmann.

Hestholm var leiar og styremedlem i Askøy Mållag frå 1976 til han gjekk ut av styret i februar 2017. Dessutan var han bladstyrar og skriftstyremedlem i mållagshftet *Jul på Askøy* i ein mannsalder frå 1980. Norvald var heiderslagsmann i Askøy Mållag.

Og heidersmann var han – og idealist.

Den innsatsen han gjorde for målsaka, kan knapt vurderast høgt nok. Ved å ta vare på og dyrka nynorsk skulemål kom Norvald Hestholm til å spela ei avgjerande rolle for stillinga for nynorsken på heile nordre Askøy. Det tener han til stor ære at han tok på seg strevet og ansvaret for mållagsarbeidet, også i tider då saka og laget møtte motbør og åtak. Då nynorsken vann i to skulemålsrøystingar – i 2003 og 2010 – i Træet og Fauskanger krinsar, var livsverket som Norvald hadde lagt ned i si daglege gjerning på Træet skule, ein viktig grunn til sigrane.

Gjennom undervisning og vere-måte synte han fram nynorsken som noko sjølvstendig og naturleg for

elevlar, foreldre og bygdefolk elles. Med praktiske døme viste han den nære samanhengen mellom skriftleg nynorsk og talemålet på Askøy. Den kjærleiken han hadde til nynorsk mål, formidla han til elevane med ein dugleik og varme som gjorde varande inntrykk.

Eit varmt hjarta, ein klår tanke og store samarbeidsevner var typisk for den staute og heilstøyppte mannen som no har gått bort. Me ser føre oss det positive og livsglade andletet og den brennande idealismen. – Målsaka er hjartesaka mi, sa Norvald. Det merka me godt.

EINAR ÅDLAND,
tidlegare leiar i Askøy Mållag og Hordaland Mållag

ERLEND BAKKE,
leiar i Askøy Mållag

Eit hår i språksuppa er borte

Han levde kanskje etter Wildenwey sine ord om at «dette vil ergre di store, men enkelte små vil det more», **Kåre Seland** frå Gjøvdal, som døydde heime på Oland på årets siste dag.

Heilt frå guttedagane heime i Selandsdalen ved Byremo var han kjend som litt av ein ertekrok. Gleda ved å gjere både biskopar og stiftsdirektørar eit pek kvar gong dei braut mållova var noko som følgde han livet ut.

Visst var han aktiv i målrørsla, slik han var det i folkedansmiljøet, i

skyttarlag og med sine sterke jakt- og friluftsinnteresser, men i Setesdølen blir han mest hugsa for dei mange telefonane om lovbrøt frå mektige byråkratar i saker som galdt målbruken. Han gav seg aldri på dette, og var etter kvart lommekjend både i Språkrådet og i Noregs Mållag.

Kåre Seland hadde sjølv byråkratisk yrkesbakgrunn, for etter nokre år som nyutdanna lærar i arbeid på Sand i Ryfylke, kom han til fylkesskulesjefen i Aust-Agder med sete i Aren-

dal. Lærargjerninga gav han opp då han fekk trøbbel med ryggen. Slike problem passa dårleg for ein lærar som først og fremst var oppteken av kroppsoving.

I staden vart han altså sakshandsamar i fylkeskommunen, men stadig med eit vake auge for dei som gjorde feil i offentleg brevkifte.

Kåre Seland var yngst av 3 brør som voks opp i Selandsdalen i Audnedal. Som godt vaksen overtok han likevel slektsgard på Oland i Gjøvdal

der mor hans kom frå. Han var gift med Jorunn Haugsjå frå Haugsjåsund i Nissedal, men ho døydde for mange år sidan. Dei fekk tre søner.

Kåre var interessert i aktivitetar i distrikta og var like oppglødd for Gjøvdalsdagane som at det vart halde pølsefest heime på Byremo.

Han var ein aktivist som blir sakna både av meningsfeller og motstandarar.

Kåre Seland vart 81 år gammal, og vart gravlagd frå Gjøvdal kyrkje.

SIGURD HAUGSGJERD

Forsøpling av norsk språk

Dårlege, engelske, moterette og «kreative» namn forsøplar det norske språket. Døme kan vera «OsloMet» og «Media City Bergen».

Det er rektor Curt Rice som ville ha «OsloMet» som nytt namn på sin eigen institusjon Høgskolen i Oslo og Akershus. For meg og mange andre er dette eit uforståeleg namnebyte. No har likevel Kunnskapsdepartementet sagt ja til «OsloMet». Så vidt eg har forstått, er dette i strid med fagleg råd frå Språkrådet.

Namnet «Media City Bergen» bryt med norsk namneskikk, for ikkje å snakka om forkortinga MCB. Det gjer ikkje saka betre at sentrale mediebedrifter (t.d. NRK, TV 2, BT) og UiB har lokale der. Alle desse har til oppgåve å forvalta det norske språket. UiB har eit spesielt ansvar. Det heiter i lov om universitet og høgskular, § 1-7: «Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk.»

Eg vil også peika på det ansvaret Bergen kommune har for å oppretthalda norsk språk. Dette går fram av den politiske plattformen til byrådet. Eg spør difor: Kva vil byrådet gjera for å sikra at bedrifter og institusjonar i Bergen har norske namn?

NILS MÆHLE

Meir enn berre éin inkonsekvens

«Eg har registrert at ein del av dei folka som er veldig opptekne av norsk kulturarv og norske tradisjonar nærer eit hat mot nynorsk», fortel Øyvind Strømmen til *Norsk Tidend*. Han kallar dette for ein «logisk brest på ytre høgde». Men stend det noko betre til i Noregs Mållag?

For kor logisk er det å vilja verna um norsk språk, men samstundes vera likesæl eller beint fram gledast yver at Noreg både etnisk og kulturelt misser meir og meir av serhåttan sin? Me hev i dag ei innvandring til Noreg som er so stor at det kvart år flytjer fleire menneske til landet vårt enn det vert fødte born. Dei fleste av desse buset seg i storbyar og medverkar til det sentraliseringspresset som gjer at den nynorske skulemålsprosenten minkar år etter år.

Øyvind Strømmen umtalar *Målmannen* som «nasjonalistisk». Det er ikkje oss imot, og helder ikkje var det Norsk Målungdom imot den gongen bladet *Målmannen* såg dagsens ljøs i 2002. Det skulde vera nok å minna um «Program for ei nasjonal framtid» eller «Program for ein alternativ ungdomskultur». At målrørsla i millomtid er vorti både avpolitisert og avideologisert, det burde vera eit større problem for Noregs Mållag enn det er for oss ...

Øyvind Strømmen driv i kjent stil og set merkelappar på annleis tenkjande, som når han

talur um «nazi-nynorsk». Er det Gulbrand Lunde si 1941-rettskriving som han saknar?

Høgnorsk heiter at ein ikkje er viljug til å gjera noko kompromiss. *Målmannen* vil ta vare på Noreg både språkleg, kulturelt, etnisk og politisk. Nett av di me veit å verdsetja eigen identitet og opphav so trur me ikkje at alle kjem til å verta gode sosialdemokratlar berre av di dei flytjer til oss. Me stend saman med alle verdsens folk i kampen mot ei globalisering som trugar med å gjera oss alle til rotlause forbrukarar, lette å manipulera av storkapitalen.

Det største trugsmålet mot norsk kultur er at nordmennar sjølve ikkje lenger bryr seg. Me hev ingenting sams med «innvandringsmotstandarar» som vanvyrder muslimar av dei – i motsetnad til nordmennar flest – faktisk tek kulturen og religionen sin seriøst. Her er dei ikkje so ulike Noregs Mållag som hev sleppt ned ideali frå Ivar Aasen og som fremjar ein utvatna midstraumsnynorsk. Når ein tykkjer det er heilt greidd at det norske målet vert utvatna og blodfatig, so bryr ein seg kanskje helder ikkje med at det same hender med det norske folket? Slik sett kann ein kanskje segja at både *Målmannen* og *Mållaget* er konsekvente på kvar si vis - og samstundes er det nett der at våre vegar skiljast.

OLAV TORHEIM
Redaktør for *Målmannen*



I januar samla ein god gjeng medlemer seg til Vinterleir på Jønnebu, ikkje langt frå Bø i Telemark.

Foto: Anna Sofie Ekeland Valvatne

Rekordmange målungdomar

NORSK MÅLUNGDOM BRAUT i 2017 etter mange år barrieren på 1100 medlemer under 26 år. 1175 ungdomar under 26 år betalte medlemspengar i 2017. Inkluderer me dei som var over 26 år, er talet 1504 betalende medlemer. Dette er det høgaste totale medlemstalet på ti år, og det har ikkje vore fleire medlemer under 26 sidan 2005.

Grunnlag for nye singlar

Leiar i Norsk Målungdom, Fredrik Hope, jublar over det høge medlemstalet. – Eit godt medlemstal gjev ikkje i seg sjølv politisk gjennomslag, men gjer at me har eit historisk godt grunnlag for å vinne nye singlar for nynorsken, dialektane og språkmangfaldet i 2018, seier Hope.

Organisatorisk vekst – tryggare nynorskbrukarar

I to år har Norsk Målungdom hatt ein ekstra lønna tilsett til å jobbe med lokallaga, eit prosjekt

som har vore halvfinansiert av Noregs Mållag. – Det var eit heilt naudsynt prosjekt for å fylgje opp lokallaga på vidaregåande skular, og med det dei yngste medlemene. Prosjektet har gjeve resultat dei siste to åra, både i form av auka medlemstal og fleire aktive lokallag, fortel Hope.

– Fleire lokallag gjer at fleire unge nynorskbrukarar og nynorskvenner engasjerer seg. Dette aukar den folkelege legitimiteten og støtta til nynorsken. Dessutan er det sosiale miljøet i lokallaga våre ei viktig støtte for ungdom som brukar nynorsk i område der bokmål er på frammarsj, som Romsdal, Hallingdal og Gudbrandsdalen, seier Hope. – Ei sterkare målrørsla gjev meir støtte til nynorskbrukarane, og ein sterkare nynorsk ungdomsorganisasjon kan gjere det lettere for unge nynorskbrukarar å halde på språket sitt, poengterer han.

Nynorsk engasjerer

Det har i 2017 vore få større politiske kampsaker i tilknytning til nynorsken. Året har vore prega av at det har vore valår, dimed har partipolitikken fått mykje merksemd. – At me i eit år som dette skulle klare å få eit so høgt medlemstal som me har fått, var uventa og gledeleg. I totale tal er me større enn det femte største ungdomspartiet. Dette syner at nynorsk og språkmangfald var noko som engasjerte ungdommen i året som gjekk, forklarar målungsleiar.

Norsk Målungdom hadde i alt 1504 betalende medlemer i 2017, 1175 av desse var under 26 år og i kategorien teljande medlemar i ein ungdomsorganisasjon. Til samanlikning hadde organisasjonen 1063 teljande medlemer og 1484 medlemer totalt i 2016. Det utgjer ein vekst på 112 medlemer under 26 år og 20 medlemer totalt.

FRIDA PERNILLE MIKKELSEN

Målungdomen lanserer ny kampanje

Mange trur mykje om nynorsk, og mykje av det dei trur er feil. Difor skipar Norsk Målungdom til kampanjen «Nynorsk myteknusar».

Norsk Målungdom har som føremål å få fleire til å velje nynorsk, og at alle skal ha rett og høve til å skrive nynorsk. Skal me få til dette, lyt me auke kunnskapsnivået om nynorsk både hjå nynorskbrukarar og kanskje særleg hjå bokmålsbrukarar. Det er viktig at me som skriv nynorsk og heiar på nynorsken, sjølve definerer vår eigen situasjon og sjølve lærer meir om nynorsk.

Målet med denne kampanjen er ikkje at alle nynorskmytar skal forsvinne. Det kjem nok til å take tid. Derimot er målet å kome eit steg vidare og å lyfte fram nokre av de vanlegaste mytane. Ofte er det ikkje meir enn litt fakta og eit motargument som skal til, andre gongar er det ein seigare kamp å få folk til å verte samde med oss.



På www.nynorskmyteknusar.no kan du lese om typiske nynorskmyter og gode framlegg til korleis ein kan svare på dei. Me vonar nettsida blir ein god ressurs for nynorskvenner som hamnar i nynorskdiskusjonar rett som det er, anten ein vil det eller ikkje.

ELINE BJØRKE



FREDRIK HOPE

Leiar i Norsk Målungdom

Og bakom syng minoritets-språkpakta ...

SKAL ME GÅ for språksikring eller jamstilling? I dag er dette det største spørsmålet for målrørsla. Kvar vert det av ordskiftet?

Jamstillingsvedtaket i 1885 er den største og sprøaste nynorskiseringen. Nynorsk var då eit pittelite språk for ei handfull entusiastar, medan dansken var språket alle las og skreiv. Dette rablande gale vedtaket la grunnlaget for resten av gjennomslaga målrørsla har hatt sidan. Sjølv om ordskiftet har gått høgt om eitt-språksline, tospråksline, nasjonal line og sosial line, har ei line lege fast: Jamstilling er vegen til målet.

DETTE SKIN GJENNOM

når Staten grunnlegg språkpolitikken sin: Målet er å sikra ei rettviss tevling mellom nynorsk og bokmål, ikkje å sikra nynorsk og bokmål. Eli Bjørhusdals doktorgrad «Mellom nøytralitet og språksikring: Norsk offentlig språkpolitikk 1885 – 2005» (2014) dokumenterer dette grundig, og opnar for eit alternativ blikk: Burde ikkje målrørsla heller arbeida for ein språkpolitikk som sikrar nynorsk?

SPRÅKSAMFUNN ME LIKAR

å samanlikna oss med, vil ha ein språkpolitikk der Staten skal sikra deira språk. Dette prinsippet ligg til grunn for den såkalla minoritetspråkpakta, som pålegg staten Noreg å taka ansvar for dei samiske språka, kvensk, romani og romanes.

Kva hindrar oss i å melda inn nynorsk som eit regionspråk i minoritetspråkpakta? Reglane i minoritetspråkpakta ville truleg gjeva nynorsken sterke vern enn i dag. Hindringa er ideologien og ideen bak nynorsken: Nynorsken er eit språk for heile Noreg, som byggjer på dei norske dialektene. Den nynorske draumen rommar meir enn Vestlandet og dalstroka utanfor. Sjølv om det nærmar seg førti år sidan Noregs Mållag fekk til ei offensiv skulemålsrøysting, lever ideen om at nynorsk i framtida skal verta større språk framleis.

MEDAN JAMSTILLING SIKRAR

nynorsk som eit språk for heile landet, men ikkje sikrar kjerneområda, sikrar språksikring kjerneområda – men kan setja nynorsk som nasjonalspråk i spel. Her er ein stor, prinsipiell diskusjon som det er bra me tek internt, før me skal kjempa for nye singlar eksternt. So kvar vert det av ordskiftet?

HAR ME ALLEREIE

kome til eit kompromiss? Framlegget til nytt arbeidsprogram for Noregs Mållag kjem med mange nye tiltak som kan styrkja nynorsken. Mange av dei byggjer på språksikring. Det tyder ikkje at arbeidsprogramnemnda vender ryggen til jamstillinga – målet er å retta opp i «falsk jamstilling». Men vil Staten gje oss både det positive frå jamstilling og språksikring, utan dei negative sidene?

Takk! Mellom 16. november 2017 og 1. februar 2018 fekk Noregs Mållag 296 614 kroner i gåve. Tusen takk for at de på denne måten støt arbeidet vårt for nynorsken og nynorskbrukarane! Vil du gje målgåve? Bruk gjerne giroen som kom med Norsk Tidend, eller vipps oss på 90540.

AUST-AGDER MÅLLAG

Scott Aanby
Lars Aasbø
Jacob Bakken
Torfinn Brokke
Kristine Foss
Rolf Fredriksen
Per Yngvar Hardeberg
Johannes Havstad
Inger-Nora Bråtveit
Holm
John Gustav Johansen
Gunvor Lande
Jon Kolbjørn Lindset
Signe Alise Olstad
Olav Riisland
Kåre Rike
Torkjel Segberg
Johannes G. Torstveit
Helge Ove Tveiten
Bjørn Valborgland
Olav Vehus
Jens Vellene

AUSTMANNALAGET

Brynjuv Aartun
Hjördis Beirusten
Anders Bjørge
Ivar Blekastad
Ola Blæsterdalen
Liv Jorun Braastad
Eldrid Brandvol
Jon Steinar Bredeveien
Jostein Brenden
Råmund Bruheim
Ivar Bungum
Bjørn Dalen
Inger Johanne Dæhlen
Ingvild Marie Eknes
Inger Lise Fiskvik
Harald Ove Foss
Brynhild Marie Foss
Liv H Sivesind Fyksen
Odin Hagen
Olav Haraldseid
Odd Reidar Hole
Per Rolf Johnsen
Ola Jonsmoen
Aslaug Kittilsen
Ragnhild Kjørstad
Turid Kleiva
Håvard Kleiven
Ola Klepp
Asgeir Lilleås
Øyvind Nordli
Jogrim Nordsletten
Jostein Nyfløtt
Olaf Nøkleby
Ola Magne Robøle
Oddvar Romundset
Tone Rui
Arne Skuterud
Nils Steinar Slapgård
Marit Steinsrud
Ivar Sund
Thorvald Christian
Holtan Sæhlie
Sverre Sørbø
Aud Søyland
Gudmund Teigen
Magne Teppen
Rolf Theil
Ola Tronsmoen
Olav Veka
Magne Velure

Frode Vestrheim
Ingebjørg Østerås

BUSKERUD MÅLLAG

Maria Høgetveit Berg
Tor O. Bergum
Hans Borge
Herbjørn Brennhovd
Per Drabløs
Jacob Eikre
Sverre Heimdal
Syver Hjelmén
Sigrid Hjelmén
Ola Kjetil Holter-
Andersen
Lars Erik Jacobsen
Thomas Lauvrud
Kristin Lindberg
Ingunn Asperheim
Nestegard
Odd Oleivsgard
Halle Perstølen
Kjell Snerte
Rolf Harald Sæther
Sigrun Torsteinsrud
Sigurd Tveito

FYLKESMÅLLAGET VIK- VÆRINGEN

Bergfinn Aabø
Ivar Aasen
Olil Amble
Ruth Amdahl
Norunn Askeland
Gurid Aga Askeland
Børre Austmann
Lillian Austnes
Eivind Berge
Leidulv K. Bergwitz
Bjørn Ivar Bjør
Erlend Bleie
Reidar Borgstrøm
Herborg Bryn
Karen Bø
Kjell Bø
Asbjørn Eidhammer
Liv Marit Jøssang
Endresen
Olav Frøystadvåg
Tor Gabrielsen
Kåre Glette
Maja Gregesen
Øystein Grønmyr
Gunnvald Grønvik
Oddrun Grønvik
Erik Hardeng
Asbjørn Haug
Sondre Hauglum
Mildrid Helland
Botolv Helleland
Torhild Henriksen
Audun Heskestad
Lynette Dorothy
Hinrichsen
Valborg Holten
Joar T. Hovda
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein
Høgåsen
Kolbjørn Høgåsen
Jens Kihl
Laurits Killingbergtrø
Turid Louise Quamme
Kittilsen
Knut Kjelstadli

Kåre Knutsen
Harald Sverdrup Koht
Bård Kolltveit
Trygve Kvalvåg
Tove Harriet Eeg Larsen
Birgit Synnøve Lunde
Norvald Mo
Remi Moen
Arnold Mundal
Bjarne Myrstad
Solveig Nerol
Øystein Njål Nordang
Børge Nordbø
Kjellaug Norli
Eirik Nymoen
Solveig Olaisen
Benjamin Edillon
Reichle
Yngve Rekdal
Asbjørn Roaldset
Magnus Robberstad
Asbjørge Engebø Rystad
Annlaug Selstø
Erik Simensen
Randi Sjøberg
Arve Skutlaberg
Ane Solberg
Nils Standal
Harald Stokstad
Ellen Marie Svea
Sissel L. Sæbø
Ingeborg Sætre
Morten Søberg
Jostein Synnesyn
Tordis Thorsen
Olav Nils Thue
Halvor Tjønn
Øystein Tormodsgard
Hilde Torp
Stein Tveite
Steinar Tveitnes
Johan Kristian Tønder
Jan Jakob Tønseth
Lars Sigurdson Vikør
Kjetil Vistad
Hallgerd Wangensteen
Arne Wåge
Johannes Georg Østbø

HORDALAND MÅLLAG

Ottar Aarø
Livar Aksnes
Otto Aksnes
Olaf Almenningen
Solveig Almås
Torgeir Alvsåker
Svein Schrøder
Amundsen
Arne Andersen
Ingvald Andreassen
Magnhild Angell
Erik Arneson
Edel Augestad
Gunnvor Austrheim
Erlend Bakke
Einar Bardal
Anny Bastesen
Håkon M. Berge
Oddbjørn Berge
Daniel Berge
Olav Berge
Dagrun Berntsen
Ansgar Bjelland
Dag Bjørnevoll
Lars Johan Bleie

Oddbjørn Borge
Eli Brattabø
Arne Brattabø
Jostein Brattabø
Nils Georg Brekke
Reidar Bremerthun
Herdis Brunborg
Lars Børve
Rannveig Bårtvedt
Olav Digernes
Hans Birger Drange
Bjørn Draugsvoll
Torbjørn Dyrvik
Frøydis Eide
Bjørn Johan Eik
Tora D. Eikeland
Ingunn Eitrheim
Eirik Ingolf Eldøy
Reidun Emhjellen
Øystein Erstad
Håkon K Espe
Arnold Farstad
Sverre Fjell
Kjell Fjose
Frode Flesland
Hans Fosse
Olav Freim
Kåre Frøland
Harald Frønsdal
Knut Martin Fylkesnes
Lars Gjernes
Solveig Grønlien
Kåre Grønsnes
Jakob Gullberg
Erling Hammer
Oddlaug S. Hansen
Steinar Haugan
Åshild Hauge
Kåre Johan Hauge
Stanley Hauge
Åshild Haukås
Svein Heggheim
Dagny Helland
Øyvind Hellestnes
Arnfinn Hellevang
Aslak T. Helleve
Aslak L. Helleve
Knut Johannes Helvik
Jan Kåre Henriksbø
Kåre Herfindal
Robert Hermansen
Olrun Hild Hillestad
L. O. Himle
Marit Hjartåker
Elin Hjelmeland
Trine Hjertholm
Grete Oline Hole
Morten Holmefjord
Karl Hope
Ingvild Hovland
Bjørn Husefest
Daniel Hydle
Martha Hægstad
Sniolvur Joanesarson
Leif Johnsen
Aslaug Garnes Johnsen
Egil Jøsendal
Åse Marit Kalhovd
Jarle Kjepso
Marit Klette
Olav Kobbeltveit
Trygve Kråkevik
Kirsten Chr. Lie
Åsmund Lien
Torggrim Ljones

Anstein Lohndal
Gunnvor Bodil Lothe
Kjellaug Lundestad
Kåre Lutro
Torstein Lønning
Ove Leon Låstad
Benedicte Stephanie
Meyer
Guro Midthun
Aksel Mjøs
Leif Bjørn Monsen
Terje Mortensen
Jostein Mykletun
Einar Myster
Nils Mæhle
Lars Mæland
Herborg Mæland
Johannes A. Måge
Einar Nesheim
Arne Nilsen
Marita Nistov
Bjarne Nordbustad
Bjørn Egil Nordland
Ivar K. Olde
Ivar Opedal
Oddlaug Oppedal
Anfinn Otterå
Olai Otterå
Rannveig Reigstad
Berit Reinsaa
Sjur Reinsnos
Lars Riise
Grete Riise
Inger-Johanne Rossebø
Øyvind Røen
Sigmund Røstum
Håkon Sagen
Marit Sakstad
Lars K. Sandven
Solbjørg Åmdal Sandvik
Helge Sandøy
Heidi Seilfaldet
Maria Uttun Seim
Torbjørn Seim
Bernhard Selle
Mons Ole Dyvik
Sellevold
Bjarne Skarestad
Olav Johannes Skeie
Gunnvald Skeiseid
Gunnar Skirbekk
Bjarne Skjold
Øystein Skjæveland
Arnlaug Skjæveland
Per Skjæveland
Harald Skorpen
Atle Skorpen
Anne Marie Skurtveit
Marie Skålnes
Hermund Slaattelid
Solbjørg Slettebakken
Idar Stegane
Magnhild Steine
Karen Steinsletten
Gerhard Inge Storebø
Nelly Storebø
Anne Karin Stormyr
Alf Magnar Strand
Rolf Sigmund Sunde
Terje Svardal
Wenche Svendsen
Lars Børge Sæberg
Leif Helge Særsten
Borgny Særsten
Kjell Gudmund Søholt

Ingebjørg Søreide
Anders Søvik
Øyvind Teigen
Erling Thu
Roald Erling Tjore
Harald Tjønn
Knut J. Tokheim
Bjarte Tolaas
Kjell Torp
Torgeir Torvik
Siv Trædal
Harry Tunestveit
Kjell Thore Tungesvik
Odd Tøndel
Tora Tønder
Terje Gerhard Valen
Brit Valland
Rigmor Nesheim Vaular
Jorunn Veiteberg
Guri Vesaas
Leiv Vetås
Berit Vatne Vik
Inger B. Vikøren
Sidsel Vinsand
Ingebjørg Viste
Agnes Råket Vågslid
Karl Helge Watnedal
Leif Øie
Nils Ivar Østerbø
Signy Øydvin
Einar Øyre
Olav Ånneland
Magne Århus
Solveig Åsvang

KARMSUND MÅLLAG

Steinar Aalvik
Grete Fedøy
Torill Borge Horneland
Olav Torfinn Jondahl
Svend Kjetland
Arne Langåker
Solveig Lunde
Harald Orvedal
Borghild Sævereide
Prestegård
Geir Ragnhildstveit
Nils Reimers
Knut Selsaas
Ernst Arne Sælevik
Jon Olav Tesdal
Knut Tungesvik
Anbjørg Tungesvik
Kjell Tveit
Sivert Ørevik

NAUMDØLA MÅLLAG

Jan Gaute Buvik
Odd Eidshaug
Toralf Engesnes

NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim
Ragni Helene Herseth
Tore Moen
Asbjørn Myklebust

NORDMØRE MÅLLAG

Aksel Aarflot
Magnar Almberg
Modulf Aukan
Jon Kristian Aune
Anne Grete Witzøe
Botten
Ola Bræin

Arild Drøivoldsmo
John O. Dønheim
Marie Flemsæter
Sigrunn Helset
Asbjørn Klaksvik
Jorunn M. Kvendbø
Olav Lien
Oddvar Moen
Tor Mogstad
Gunnhild Mogstad
Finn Gunnar Oldervik
Henry Opland
Ottar Roaldset
Henrik Sollie
Rolv Sæter
Kristin Marie Sørheim
Eirik S. Todal
Per Utne
Øystein Ørjasæter
Jon Østbø
Randi Ås
Inge Ås

ROGALAND MÅLLAG

Kjell Aambakk
Gunvor Aardal
Gunnleiv Aareskjold
Audun Aarflot
Sigmund Andersen
Ingegerd Austbø
Lars Bakka
Dagfinn Birkeland
Gjert Anders Saltskår
Bjerkevoll
Berit Brusli
Alf Jan Bysheim
Gerd Helen Bø
Alma Figved
Solveig Moe Fisketjøn
Oddvar Flatabø
Endre Gjil
Anny Hagesæter
Kari Ingfrid Hatteland
Ola Hauge
Johan Sigmunn Hebnes
Halvard Helseth
Eldbjørg Hestnes
Liv Hobberstad
Magne O. Hope
Terje Håland
Jorunn Håvarstein
Dag Ingebrigtsen
Inge Kjøde
Magnhild Harboe
Kleppa
Anne Margrethe Kolnes
Nils Ingvar Korsvoll
Olav Kvernenes
Hallgeir Langeland
Eli Marvik
Per Moen
Sigrid Myhre
Knut Georg Nilsen
Knut Norddal
Kirsti Nærland
Kjellaug Sølvberg
Ofte dal
Ingvar Olimstad
Leiv Olsen
Siv Omdal
Inger Skretting Opstad
Marit Osland
Peder Pedersen
Oddbjørn Reime
Svein Risa
Torleiv Robberstad
Audun Rosland
Magne A. Roth
Atle Røe
Torhild L. Rørheim
Astrid Råsberg
Rolf Salte
Magne Sande
Bergljot Selvåg
Audun Skjelbreid
Ingeborg Skjerpe

Ingeborg N Skjærpe
Brita Synnøve Solheim
Tom Soma
Torgeir Spanne
Hans Spilde
Per Spødervold
Jon Stangeland
Odd Sigmund Sunnanå
Brit Harstad Sværen
Einar Sæland
Svein Kåreson Søyland
Oddrun Tjeltveit
Rigmor Tornes
Kåre Torvanger
Kurt Tunheim
Ottar Vandvik
Ingeborg G. Vigre
Ketil Volden

ROMSDAL MÅLLAG

Marit Aarset
Henning Austigard
Dagrun Gjelsvik
Austigard
Målfrid Bakken
Marit Bergheim
Leif Erik Bolsø
Audrey Digernes
Oddny Eikebø
John Ekroll
Frits Inge Godø
Petter Godø
Torhild Hanem
Einar Helde
Kåre Magne Holsbøvåg
Tor Kvadsheim
Edvard Langset
Arne Lerum
Arne Steffen Lillehagen
Asbjørn Lillevik
Alf Kåre Nordhaug
Gunnhild Austlid
Oppigard
Asbjørn Oterhals
Oddmund Svarteberg
Susan Sylte
Kristoffer Venås
Kathrin Villa

SOGN OG FIORDANE MÅLLAG

Lise Aasen
Anne-Britt Andersen
Emma Bale
Bente Kvernevik
Berstad
Kjellaug Bjergene
Saxe Bjørkedal
Eivind Brekke
Norunn Eimhjellen
Bremstein
Gyda Bøtun
Nils Distad
Tor W. Eikemo
Solgunn Eikevik
Gjertrud Eikevik
Andre Eilertsen
Hans Engesæt
Johannes Flaten
Sverre N. Folkestad
Else Fure
Asbjørn Geithus
Oddvar Gjelsvik
Arne Gjeraker
Dagfrid Grepstad
Ingrid Gunnarskog
Bjørn Atle Hagenes
Oddlaug Hammer
Margit Hovland Hamre
Sissel Norunn Hatløy
Ivar S. Haugland
Ragnar Hove
Bjørn G. Hovland
Liv Husabø
Marta Systad Iden
Sverre Indrehus

Bjarne Kaarstad
Ingunn Kandal
Rannveig Tveit Kirkebø
Lars Kjøde
Torhild Solheim
Klævold
Anders Kvam
Liv Janne Kvåle
Bjørn Ladehaug
Helen Ripe Lemoen
Jon Ove Lomheim
Einar Losnegård
Rune Lotsberg
Håkon Lundestad
Marie Løland
Pauline Midtun
Terje Erik Moe
Knut Moen
Odd Mortensbakke
Knut Ole Myren
Oddvar Natvik
Odd Njøs
Bjarte Nordeide
Stein Bugge Næss
Per Scott Olsen
Heidi Kathrin Osland
Jon Ramstad
Arvid Refsnes
Sigvor Rendedal
Erna Romøren
Einar Rysjedal
Bjørn Rørtveit
Steinar Røyrvik
Arve Sandal
Margot Sande
Marta Kari Schawlann
Leif Alfred Skaar
Synneva Kolle Solheim
Henrik Stokkenes
Dag Håkon Storaker
Magn Jarl Stubhaug
Karsten F. Sunde
Susanne Svardal
Hans Mark Svedal
Gunnhild Systad
Leiv Sølvberg
Bjørn Sørheim
Jakob Thingnes
Helge Thue
Ivar Jostein Tjugum
Torgny Tønnessen
John Elling Vereide
Arne Vevle
Lars Øyvind Vikesland
Øystein Vikesland
Ottar Wiik

SUNNMØRE MÅLLAG

Anders Aasebø
Ottar Aashamar
Åsmund Arne
Bente Emma Austnes
Sigmund Bjerkvik
Synnøve Ruste Bjørdal
Sigurd Olav Brautaset
Liv Brekke
Torvald Bringsvor
Ole Arild Bø
Norunn Margrethe
Dimmen
Marit Veiberg Eide
Ståle Eikrem
Liv Eikrem
Anne Gry Eilertsen
Jostein G Farstad
Mård Torgeir Fauskevåg
Jostein Fet
Einar Elling Flø
Roger Furset
Gunn Berit Gjerde
Tore Gjære
Borghild Ø. Goksøyr
Harald Grimstad
Asbjørn Hatlehol
Kirsten Hundvebakke
Torstein Huse

Ingrid Runde Huus
Ottar Kaldhol
Ove Kaldhol
Jakob O. Kjersem
Elias Kvangardsnes
Einar Landmark
Svein Linge
Hallstein Ljoså
Marit Aakre Mjøs
Jostein O. Mo
Roger Nedreklepp
Lars Omenås
Britt Oterholm
Karl Ramstad
Anne Inger Rendal
Torleiv Rogne
Ottar Rogne
Gunder Runde
Olga Støylen Runde
Jarle Solheim
Berit Engeset Sperre
Ola L. Steinsvik
Asbjørn Tryggestad
Randi Flem Ulvestad
Svein Vinje
Sveinung Walseth
Knut Ytterdal
Britt Ølnes
Hans Otto Øvrelid
Kjell Arne Årseth

TELEMARK MÅLLAG

Robert Anderson
Håvard Bakka
Lars Bjaadal
Kari Indrelid Bjåen
Halgeir Brekke
Sigrid Bø
Per Engene
Olav Felland
Gunlaug Fjellstad
Sigrid Fonnli
Anne Karin Funner
Hans Magne Gautefall
Lavrans Grimstveit
Torgeir Grimstveit
Asbjørn Nes Hansen
Kristian Ihle Hanto
Halvor Karl Haugan
Svanhild Haugen
Jarle Helle
Ragnhild Hovda
Hallgrim Høydal
Jon Ingebretsen
Bjarne Jordstøyl
Olav K. Jørgedal
Erling Langleite
Carl-Erik Winther
Larsen
Aud Manheim
Sigrun Garvik Moen
Henry Mæland
Jakob Olimstad
Jan Terje Olsen
Birger Risnes
Sigvald Rørtveit
Per Skaugset
Gunvor Solberg
Margit Ryen Steen
Alv Halvor Straumstøyl
Olav Teigen
Olav Tho
Kari Tveit
Alf Torbjørn Tveit
Jon Tvitekkja
Borgny Slettemoen Tøfte
Johan Vaa
Halvor Øygarden

TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

Terje B. Dahl
Sveinung Eikeland
Bjarne Eilertsen
Torgeir Engstad
Narve Fulsås

Liv Grønvik
Lillian Bernes Hay
Ragnhild Johansen
May Johanne Molund
Atle Måseide
Guro Reisæter
Ingrid Russøy
Rønnaug Ryssdal
Gunn Utkvitne
Birger Vang

TRØNDERLAGET

Svein Aarnes
Egil Ingvar Aune
Kjell Bardal
Arvid Bjørgum
Karl Ove Bjørnstad
Olaug Denstadli
Anne Eldevik
Olav Engan
Ola Stuggu Fagerhaug
Oddmund Farbrege
Jon Arne Finnes
Helge Fiskaa
Arne A. Frisvoll
Anders Gjelsvik
Mikal Gorsetseter
Jon Grønlid
Anders Gustad
Herlaug Hjelmbrække
Øyvind Hoel
Kjell Håve
Inger Sandvik Jarstein
Olav Kuvås
Kirsti Årøen Lein
Olav Lindgaard
Jens Loddgard
Geir Lorentzen
Mads Løkeland
Lars Kolbjørn Moa
Olav Mogstad
Sverre Mikal Myklestad
Magne Måge
Helge Normann Nilsen
Einar Nordbø
Helge Raftenvold
Anders Sakrisvoll
Rutt Olden Skaug
Odd Sigmund
Staverløkk
Nina Rygh Storli
Odd Storstad
Steinar Supphellen
Erling Syrstad
Aud Mikkelsen Tretvik
Kristoffer Uppheim
Harald Vik-Mo
Jarle Vingsand

VALDRES MÅLLAG

Anne Irene Aaberg
Toralf Baldersheim
Bjørn Berge
Kristian Berglund
Olav Bråten
Eldor Bråthen
Inger Solveig Bøe
Kjell Conradi
Ola Fosheim
Ottar Haugen
Nils Rogn
Målfrid Sebuødegård
Gullik Skattebo
Marit Skogstad
Ragnhild Solberg
Helfrid Fugglien Tvenge
Per Gunnar Veltun
Ambjørg Westerheim

VEST-AGDER MÅLLAG

Audar Aasheim
Leiv Hartly Andreassen
Kjell Byremo
Anne-Berit Erfjord
Solveig Fidje
Åse-Berit Fidjeland

Siri Fidjeland
Aslak T. Fjermedal
Svein Harald Follerås
Randi Lohndal Frestad
Vigleik Frigstad
Marry-Ann Gimre-
Torgersen
Øyvind Grov
Magne Heie
Anne Torhild Hunsbedt
Olav Torgny Hårtveit
Karin Vere Jacobsen
Ernst Håkon Jahr
Oddvar Jakobsen
Alf Georg Kjetså
Svein Kjörvik
John Lauvdal
Solveig Stallema Lima
Målfrid Lindeland
Tom Arnt Lindeland
Gudlaug Nedrelid
Margit Seland
Nils K Skuland
Asbjørn Stallema
Per Sveinung
Stordrange
Eva Haugen Sørgaard
Gunnar Vollen
Torkjell Ågedal

ØSTFOLD MÅLLAG

Astrid Andersen
Gunnar Anmarkrud
Gøril Fristad
Gudbrand Guthus
Aslaug Haugan
Eiliv Herikstad
Kjelrun Hersund
Arnstein Hjelde
Karl Magne Løseth
Bjørn Robberstad
Jensen
Einar O. Standal
Øivind Thorbjørnsen
Asbjørn Kärki Ulvestad

YRKESMÅLLAG

Kjellfrid Bøthun
Møyfrid Engeset
Marta Johanne
Gjengedal
Kristian Hagestad
Sissel Hole
Jørund Asle Holme
Eirik Holten
Gunnar Jordal
Rønnaug Katterm
Kjell Harald Lunde
Synnøve Matre
Borge Otterlei
Linda Plahte
Hugfrid Raaheim
Frode Ringheim
Christian Fredrik Stabell
Lars Helge Sørheim
Harald Thune
Turid J. Thune
Sigrid Tyssen
Åshild Ulstrup
Torgeir Urdahl
Birger Valen
Bodvar Vandvik
Olav Vesaas
Vidar Ystad

BEINVEGES INNMELDE

Marit Einrem
Randi Einrem
Leif Elsvatn
Kristian Halse
Inga Guri Hestad
Johannes Hjønnvåg
Herborg Lillebø
Erling Nordheim
Åse Floa Steinrud

- 1 Kva er mellomnamnet til Kåre Willoch?
- 2 Kva ministerpost har Åse Michaelsen frå Frp?
- 3 Kva heiter nasjonalforsamlinga på Island?
- 4 Kva heiter den svenske skodespelaren som spelar rolla som Saga Norén i den NRK-aktuelle tv-serien «Broen»?
- 5 I kva land ligg byen Palmyra?
- 6 I kva by ligg Gunnerusbiblioteket, Noregs eldste vitskaplege bibliotek?
- 7 Kva idrettsgrein har flest kvinnelege utøvarar i Noreg?
- 8 Kva er samleomgrepet på fuglar som snipe og tjeld?
- 9 Kor mange vinklar er det i eit trapes?
- 10 Kva er namnet på den fyrste singelen til The Beatles?
- 11 Kva er du redd for om du lid av hemofobi?
- 12 Kva land skal arrangere verdsmeisterskapen i fotball for menn i 2018?
- 13 I kva tiår skifta Bondepartiet namn til Senterpartiet?
- 14 Kva engelsk by har tilnamna «The Rainy City» og «Warehouse City»?
- 15 Kva heiter garden i Grimstad der forfattar Knut Hamsun budde, døydd og vart gravlagt?
- 16 I Edda-diktet «Trymskvida» møter vi Trym. Kva slags skapnad er han?
- 17 Kva kjend person og amerikansk folkehelt døydd under slaget ved Alamo?
- 18 Kva tyder det franske uttrykket «Bon été!»?
- 19 Kven var den første leiaren i Noregs Mållag?
- 20 I kva land har NATO hovudkvarter?

1. Isachsen
2. Eldre- og folkehelseminister
3. Alltinget
4. Sofia Hellin
5. Syria
6. Trondheim
7. Fotball
8. Vadderfuglar
9. Fire
10. Love me do (1962)
11. Blod
12. Russland
13. 50-talet (1959)
14. Manchester
15. Nørholm Gård
16. John
17. Davy Crockett
18. «God sommar»
19. Marius Hægstad
20. Belgia

Då krigen kom

LITE VISSTE NOREGS Mållag kva som kom til å skje i landet tre månader seinare då samskipnaden heldt landsmøtet sitt i Bergen i helga 4.-5. januar 1940. Det møtte 70 utsendingar og hovudsakene var læreboksaka, nynorsken si stode ved universitet og høgskular og rettskrivingssaka og etterdønningane etter 1938-reforma. Styret i Noregs Mållag, med Knut Markhus i spissen, hadde eitt styremøte etterpå før den lagnadstunge dagen 9. april då den tyske militærmakta høtøkt landet. Det tyske overfallet kom brått på mange. Den felles skivarstova til Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag vart då stengd fram til 17. mai 1940 av di tenestefolka vart kalla inn til militærtjeneste.

NOKON VANLEG LAGSAKTIVITET vart det sjølvsagt lite av i det tunge halvåret som no følgde, og det ser ikkje ut til at leiinga i Noregs Mållag fekk utretta noko før etter sommaren 1940. Førebels verka situasjonen lite oversiktleg og forvirrande, noko som gjaldt heile det norske politiske samfunnslivet på denne tida. Noko velskipa motstandsarbeid fanst ikkje i tida etter at Noreg laut kapitulera for die Wehrmacht, det kom først seinare. Parolen i Noregs Mållag såg no ut til å vera *hald arbeidet i gang så godt det lèt seg gjera*. Landsstyret møttest berre nokre få gonger før 1942, og noko landsmøte vart det ikkje i 1941. På styremøtet 16. november 1940 sende landsstyret i NM ut to opprop med oppmodingar til laga og lagsfolka om å halda hjula i gang og driva lagsarbeidet innetter. Møta og arbeidet burde samla seg om *det norske innhaldet*, som det heitte og folk måtte ta i bruk dei norske songane. Noko samarbeid med nazistane var det ikkje snakk om, og om dei bad om det, vart slike framstøytar avviste. Samhald innetter og front utetter var parolen, men ein måtte vera forsiktig og ikkje provosera dei nye brutale maktthavarane. Heller ikkje burde ein leggja seg ut med riksmålsfolket, den kampen fekk kvila no. Siste styremøtet i Noregs Mållag vart halde 10. oktober 1941, og der vart oppmodinga til målfolk om å vera mykje saman og halda ut teken opp att.

NT MÅLEGE • Olaf Almenningen

MEN HAUSTEN 1941 hardna den politiske undertrykkinga til og dei første nordmennene vart avretta. Verst gjekk det ut over fagrørsla og sosialistane og andre som gjorde open motstand. Dette synt seg endå sterkare etter vinteren 1942 då Quisling og nazistane, med Reichskommisar Joseph Terboven over seg, avskaffa dei siste små restane av demokrati og innførte det totale diktaturet. Heretter var det ingen organisasjonsfridom eller ytringsfridom lenger. No vart «førarprinsippet» innført og kulturminister Gulbrand Lunde (NS) peika i februar 1942 ut nytt ungdomslagsstyre på eiga hand og avsette det som var demokratisk valt. Noregs Mållag brydde ein seg mindre om, og NM vart no redusert til eit målkontor med nazisten Knut Knutsson Fiane til leiar. Både Knut Markhus og Martinus Høgåsen i NM-styret vart fengsla og seinare på året i 1942 døydd styremedlemene Gustav Indrebø og Markvard Gjelsvik. Lite vart då att av den valde lagsleiinga i samskipnaden. Indrebø, som var nestleiar i mållagsstyret, skreiv då i mars 1942 eit brev til naziregjeringa der han sa at ein slett ikkje kunne godta avsetjinga av den valde leiinga i NM. Styret i NM trekte seg difor frå omboda sine i protest mot diktaturet. I Noregs Ungdomslag skipa dei Sivleringen som hadde til oppgåve å informera lokal- og fylkeslaga om å boikotta alle lagsmøte som NS-styret kalla inn til. Samarbeid med nazistane var uaktuelt på alle plan. Mykje av denne motstandsverksemda skjedde i det skjulte, for no var det dødsstraff for å driva ope motstandsarbeid.

DÅ KRIGEN VAR over 8. mai 1945, stod målrørsla mest på berr bakke og måtte byggja opp att samskipnaden på nytt. Dei fem krigsåra var ei tid heilt utan nynorsk frå sentralt hald, og det var lita trøyst i dei 5-6 faneorda på nynorsk som nazistane innførte i det gamalvorne riksmålet sitt. For målrørsla var eit fungerande demokrati ein føresetnad for nynorsken. Det er ein viktig lærdom å ha med seg.

NT FALSH Henta frå Sigmund Falch: *Den stemmaste dokka i Drammen, Schibsted / Vigmostad & Bjørke 2015*



*Eg skulle eigentleg berre ta eit bilete av finduken,
Men då kom dei jaggu sigande inn frå alle kantar.*

METALL- NÆRING	↙	62,75 CM	HUNDEN	↘	VEST FOR MJØSA	↙	BULDER	↘	KVILER BAKEN	↙	HEL- LING	MØRKE	↘	SETTE TIL LIVS	↙	ABONNENT	↘
↳			VÅR		MIDTBLOKK				↓					ROMMET		TJUVERI	
GAMLE, VERDFULLE TING		EIN PÅ KJELKE					FILOSO- FIEN	IKKJE MANGE Å SKRYTE AV		VIND- LYDEN	SEGLE I VIND BAKANFRÅ	GJE LOV			ADVERB		
↳		REINSAR										VETTE					
LETT TRIM	GODT		FØDE		VAKKER	IKKJE HEST		HÅR KVINNE- NAMN					MUSKEL UNDER FOTEN		FUGLE- LYD	PRI- MATANE	
↳																	
MOROMANN PÅ TV				GRESK GUDINNE			RAUD- FISK					AV- GRUNN		GJØN			MULTIPLI- SERTE
GENERELL														EDEN- BUAR			
↳																	
PÅ- LEGGET	ARGEN- TINSK POLITIKAR	KRO		JORD	MINKANDE MÅNE			EVENTYR- SAMLAR		DANS	PARTI		PENGAR AVSETTE TIL EIT FØREMÅL		I DAG		
↳					LANG						LENGD				HÅR		
UNION				ARTIK- KEL			TYNN	MIS- UNNING		DØGN- TID	OPPFATTE VITSEN			SØKKJE- STEIN		ORD	
STRIKEN											HEVE SEG						
↳																	
RESTE- SEL- SKAP		REISE	EIN TIL HEST		SETTE		AVKOM		SVAR- ORD		KJERNE- VED				KON- KURS		TA LETTE, RYTMISKE STEG
↳											BREST						
TEVLINGA FOR OSS VANLEGE	OMDØME			SANSE- LAUSE	KORN		FORBI		SIDE		GANG- STI		MOSE BRØR	STATAR			
↳		BYGGJE															
TIL- SKIPA- RAR		MEINE				FØR OPP		RENNER		VASSDRAG				SLETTE		DRIKK	
↳		ÅTAK								OPPFØRE							
ØYSTAT					TRELIST						TALE OPP- STYLTA						NT NR. 01 2018

DYR	S	TOPP	I	AN TRELL	UNILARE	U	TIERE	GJØN	A	P	BEREIDE	S	TING	T	FRISSE	U	MEKLETT
↳	UM	IS	TE	LE	G			BOLE	UN	NN	ÅR	EN	NN				
LØN	ÅR	S	INN	N	T	E	K	T	VELDG	O	V	A	N	D	E		
LEKE- STADEN	G	R	E	N	D	E	S	K	U	L	A	R	S	K	E	I	
TAL	N	I	N	Å	E	K	L	E	MÅTE	O	T	E	R				
SIDE	K	A	T	E	T	A	R	T	OL	KLOKT	G	A	N	G			
UNNSOPP	G	E	L	A	T	I	N		K	E	I	S	A	R			
FRØKT	V	A	R	E	L	E	V	E	R	A	N	S	E				
SKRUP	R	A	V	L	S	K	U	M	T	VASS	D	R	A	G	I	V	A
ADVERB	A	N	E	L	V	HUNDAR	T	E	R	R	I	E	R	A	R		
PLUYER	ÅR																
↳	ÅR																
ARDAR	SPELLE	A	G	E	R	E											
↳																	
T.D.	E	S	K	E	R	SIVBÅT	R	A	A	D	L	A	N	O			
↳																	
KU	S	A	N	I	T	E	T	S	T	R	O	P	P	S			
↳																	
BAKTR	B	D	R	O	G	S	A	T	HELD	TIL	E	O	P	E	R	A	I
↳																	
FURU	PUFF	R	I	S	R	A	E	L	A	R	A	R					
↳																	
DUNDA	N	O	R	D	M	Ø	R	E	T	R	O	S	N	O	V		
↳																	
VEKANT	D	T	U	T	V	A	T	N	A	M	E	T	O	P	E		
↳																	
KNAL	L	E	N	N	E	K	U	N	E	M	N	E	L	E	G		
↳																	
KJER- LEKS- GUDAR	E	R	O	T	A	R	I	A	UTAN	L	O	V	S	T	E	L	E
↳																	

Kryssordvinnarar i nr. 5 – 2017

Arvid Sakseide, Frekhaug

Joar Stegane, Naustdal

Åse Midthun, Voss

Send løysinga til:

Noregs Mållag

Lilletorget 1

0184 Oslo

Frist: 14. mars 2018

Merk konvolutten «Kryssord».

Rett løysing kjem i neste utgåve.

Tre vinnarar vert trekte ut og får fin premie.

Namn :

Adresse:

Postnummer/-stad:

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

MÅLLAGET INFORMERER

MASSIV MEDLEMSAUKE I MÅLLAGET

I 2017 enda medlemstalet til Noregs Mållag på 13240. Dette er nesten 3000 fleire enn for ti år sidan, og det høgste medlemstalet sidan 1990. Det er ein auke på 829 betalende medlemmer frå 2016.

Vervekampanjen «Aksjon 13000» starta for fullt 1. oktober med «Den store vervedagen», der 50 nye medlemmer melde seg inn på ein dag. Tilstrøyminga heldt fram, og til saman fekk me 530 nye medlemmer mellom 1. oktober og 31. desember. Me vil takke alle som har verva eller late seg verve. Utan innsatsen frå både lag og enkeltpersonar, hadde vi ikkje fått til dette.

I 2017 sett under eitt fekk Mållaget over 1300 nye medlemmer. Det er det høgste talet på nyregistreringar sidan 2012. Medlemstalet stig likevel ikkje berre på grunn av nye medlemmer. Svært mange av dei medlemmene me har, ja faktisk fleire enn før, betalar medlemskontingenten sin år etter år, og fortener også takk!

DEI TI LOKALLAGA SOM VERVA FLEST NYE MEDLEMMER I 2017

Lokallag	Nye medlemmer
Oslo Mållag	114
Bergen Mållag	76
Voss Mållag	30
Eide og Fræna Mållag	29
Stavanger Mållag	26
Hjelmeland Mållag	24
Karmøy Dialekt- og Mållag	24
Stord Mållag	22
Gloppen Mållag	17
Fredrikstad Mållag	16

DEI TI FYLKESLAGA SOM VERVA FLEST NYE MEDLEMMER I 2017

Fylkeslag	Nye medlemmer
Hordaland Mållag	287
Fylkesmållaget Vikværingen	260
Rogaland Mållag	117
Sogn og Fjordane Mållag	112
Sunnmøre Mållag	89
Austmannalaget	63
Karmsund Mållag	61
Romsdal Mållag	46
Vest-Agder Mållag	42
Valdres M., Telemark M.	34

TID FOR ÅRSMØTE

Det er årsmøtetid i både lokallag og fylkesmålslag over heile landet. Meld inn ditt årsmøte i kalenderen til kalender@nm.no

REFUSJON AV MEDLEMPENGAR

I løpet av februar betalar me ut medlemspengerefusjonen til laga med eigne lokallagssatsar, som leverte årsmelding for 2016. Om de ikkje leverte denne, vil medlemspengerefusjonen bli utbetalt når me får årsmeldinga for 2017.

GRASROTANDEL OG MOMSREFUSJON


Kvart år kan lokallaga i Noregs Mållag søkje om momsrefusjon. I år ser det ut til at det kjem ein ny regel om at lokallag som vil søkje momsrefusjon, må vere registrerte i frivillighetsregisteret. Om ditt lag ikkje er registrert, bør det bli det. Ta kontakt med Per Henning Arntsen på skivarstova om du har spørsmål.

ORGANISASJONSMIDLAR

Noregs Mållag løyver i år 300 000 kroner i organisasjonsmidlar, som lokal- og fylkeslaga kan søkje om å få bruke i sitt lokale målarbeid. Ein kan søkje heile året.

PÅMELDING TIL LANDSMØTET

Påmeldingsfristen til landsmøtet er 11. mars. Du finn all nødvendig informasjon på nettsidene til Noregs Mållag. Me har sett opp buss frå både Oslo og Bergen til landsmøtet torsdag 12. april. Bussen frå Oslo går 17.30, medan bussen frå Bergen går 16.30. Dei vil vere framme i Vinje høvesvis 21.00 og 22.00. At mange reiser med bussane er det klart enklaste, og ikkje minst billigaste, for Noregs Mållag. Reisa er eit spleiselag der alle utsendingane betaler same summen, same kor lang reisa er. Laga får det overskytande attende dersom det blir pengar att i den samla reisepotten som alle har betalt inn til. Me ber derfor om at alle som kan, blir med i desse bussane.



1 ■ 2018
Norsk Tidend
Framhald av Fedraheimen og Den 17de Mai

Prent: Nr1Trykk as
Opplag: 14 600
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonser:
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm
Tillegg for tekstsider: kr 0,50,-/mm
Spaltebreidd: 45 mm
Kvartside: kr 3 000,-
Halvsider: kr 5 000,-
Heilsider: kr 9 000,-
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 2-2018:
14. mars



NOREGS MALLAG
www.nm.no

Tilskrift:
Lilletorget 1,
0184 OSLO
Telefon: 23 00 29 30
E-post: nm@nm.no

Kontoradresse:
Lilletorget 1, 0184 OSLO

Bankgiro: 3450.19.80058

Leiar: Magne Aasbrenn
Mobil: 979 70 065
E-post: magne.aasbrenn@nm.no

Tilsette:

Gro Morken Endresen,
dagleg leiar,
tlf. 23 00 29 37 • 957 85 560,
gro.morken@nm.no

Erik Grov, organisasjonskonsulent,
tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.no,

Per Henning Arntsen, økonomikonsulent,
tlf. 23 00 29 34, per.arntsen@nm.no

Ingar Arnøy, skulemålsskrivar,
tlf. 23 00 29 36 • 975 29 700,
ingar.arnoy@nm.no

Hege Lothe, informasjons-
og organisasjonskonsulent,
tlf. 926 48 348, hege.lothe@nm.no

Kjartan Helleve, informasjonskonsulent,
tlf. 23 00 29 32 - 943 97 998
kjartan.helleve@nm.no

Marit Aakre Tennø, politisk rådgjevar,
tlf. 454 71 716, marit.tenno@nm.no





NORSK MÅLUNGDOM
malungdom.no

Tilskrift: Postboks 285 Sentrum,
0103 Oslo
Telefon: 23 00 29 40
E-post: skriv@nynorsk.no

Bankgiro: 3450.65.48707

Leiar: Fredrik Hope,
Telefon: 954 04 115 • 23 00 29 40,
E-post: fredrik.hope@nynorsk.no

Skrivar: Eline Bjørke,
Telefon: 476 59 738 • 23 00 29 40,
E-post: bjorkeline@hotmail.com



RETURADRESSE:

Noregs Mållag
Lilletorget 1
0187 OSLO

Nr. 1 • februar 2018

Norsk Tidend

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai***Bokmålet har ei heilt spesiell utviklingshistorie. Den er godt skjult i den redaksjonelle praksisen til NAOB.*

Leiv Inge Aa

PÅ TAMPEN

ALT DETTE EIN ikkje seier før tolv år seinare! Greitt, det er ikkje alt som kan seiast med det same, men tolv år? Det får då vera måte på kor kjenslevar ein skal vera.

Eg og madammen hadde besøk av nokre vener i dag. Og me prata sjølvst om snø. Jajamensan, no har det lava ned, du! Skulle nesten ha teke oss ein tur på ski i morgon. Ja, det skulle me. Sjølv om alle visste, inst inne, at det aldri kom til å henda.

Men skitur var stikkordet for at madammen skulle dra ei historie, som ho sikkert har teke til veninnene sine, men aldri for meg.

ME HADDE IKKJE vore saman så lenge, men lenge nok til at ho vart med meg heim. Og eg ville jo visa fram vestlandet frå si beste side. Og kva er vel finare enn ein skitur på stølen? Ja, me kan vel like godt gå heile vegen heim?

Madammen hadde jo absolutt ingen forutsetningar for å vite noko om kor langt det var å gå heim. Ho såg vel for seg nokre kilometer, og ikkje dei to og ei halv mila det er. Så me vasa i veg i eit herleg landskap.

MEN DÅ VAR om lag kome halvegs, kom eg ørlite i tvil om vegen. Eg hadde retninga så lenge me var nede i dalen, men på eit tidspunkt gjekk ruta opp på fjellet. Ein god ide seg sjølv, men når ein ikkje er heilt stø i geografi, så var det ein sjanse å ta. Så etter kvart måtte eg berre ta det på geffühlen, og me bomma sjølvst på alt som likna løype. Skulle terrenget definierast som noko, så var det bratt helling med tett skog.

TIL SLUTT KOM me då ned. Madammen hadde ikkje klagt noko særleg. Eg tykte sjølvst eg hadde gjort eit kupp, ikkje alle hadde takla den taktiske manøveren. Og alle var samde om det hadde vore ein fin tur. Men så i kveld kom altså sanninga for ein dag. Før den turen, hadde ho ikkje gått på ski sidan ho var 16 år. Og då hadde ikkje turen gått på impuls i laussnø og tett kratt. Så no kunne ho fortelja at ho hadde vore totalt utslitt, og hadde i grunnen vore det siste halvparten. Og medan eg gjekk rundt og var strålende nøgd, hadde ho gjort seg nokre vurderingar om kva dette var for ein idiot ho hadde slått seg saman med.

SJUR HAUGSTØL
sjuribur.blogspot.com

Foto: Ivar Myklebust Longvastøl

Eva Weel Skram til Dei nynorske festspela

NT Eva Weel Skram held konsert i uteamfiet i Ivar Aasen-tunet under Dei nynorske festspela torsdag 7. juni. På programmet har ho heilt nye låtar frå hennar første norskspråklege album og andre utvalde låtar frå karrieren.

Songar og låtskrivar Eva Weel Skram frå Sogn-dal blei kjend som engelsksyngjande popartist, men har dei siste åra byrja å skrive på dialekt. Ho var frontfigur i ei av landets mest suksessrike popgrupper, Eva & The Heartmaker, men står no på eigne bein. På konserten i Aasen-tunet har ho med seg låtskrivar og gitarist Thomas Stenersen i eit stemningsfullt duo-format.

NT Skram skriv personlege tekstar, og musikken hennar byr på eit spekter av kjensler som publikum gjerne kjenner seg att i. Det handlar om kjærleik, vennskap og familierelasjonar som ho framfører med si særlige stemme.

I 2016 deltok ho i TV 2-programmet «Hver gang vi møtes», der ho utmerkte seg med vakre

tolkingar av andre sin musikk, mellom anna Henning Kvitnes sin song «Evig eies kun et dårlig rykte». Same året var ho dagstøtt å høyre i stovene til dei fleste småbarnsfamiliar i landet med «Selmas song» frå NRK sin julekalender «Snøfall».

NT Dei nynorske festspela blir i år arrangert frå 7. til 10. juni, i Ivar Aasen-tunet og på andre arenaer i Ørsta og Volda. Forfattaren Marit Eikemo er festpeldiktare og vil setje sitt spesielle preg på programmet festspeldagane. Eikemo debuterte i 1999 med boka *Her, no. Møte med unge menneske*. Sidan har ho skrive ei essaysamling og fire romanar. I vår kjem hennar sjette roman *Gratis og uforpliktande verdivurdering*. Eikemo fekk i fjor haust Amalie Skram-prisen. – Som Skram vil ho forstå, men ikkje stille seg til dommar. For dei som verkeleg forstår, kan ikkje dømme, stod det i grunngjevinga til juryen.

(AASENTUNET)